

Kontrollutvalet i Lærdal kommune

Sak 8/2022 Kontrollutvalet si fråsegn til årsrapport og årsrekneskap 2021 for Lærdal kommune

Sakshandsamar Richard Nesheim	Møtedato 19.04.2022	Sak nr 8/2022
---	-------------------------------	-------------------------

KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Kontrollutvalet vedtek fråsegn til årsrapporten og årsrekneskapen for 2021 for Lærdal kommune slik den ligg føre. Fråsegna vert sendt over til kommunestyret, med kopi til formannskapet.

VEDLEGG:

Nr.	Dok. Dato	Avsendar	Tittel
1	19.4.22	Kontrollutvalet	Fråsegn frå kontrollutvalet, rekneskap, årsmelding og revisjonsmelding (utkast).
2	8.4.22	Lærdal kommune	Årsrapport og årsrekneskap 2021 for Lærdal kommune

Uprenta vedlegg: Årsmelding frå Sogn LMS, årsmelding frå Aurland og Lærdal Barnevernteneste, Årsmelding frå brukthjørna

Melding frå revisor er ikkje motteken på tidspunkt for utsending av sakspapira. Denne vil bli ettersendt så snart den ligg føre.

BAKGRUNN

I samsvar med kommunelova og forskrift om kontrollutval kap. 1 § 3 skal kontrollutvalet gje ein uttale til kommunerekneskapen. Uttalen skal sendast til kommunestyret, med kopi til formannskapet. Uttalen skal vere formannskapet i hende tidsnok til at formannskapet kan ta omsyn til den før formannskapet gjer innstilling til kommunerekneskapen.

Lærdal kommune har lagt opp til at årsrekneskapen skal handsamast i formannskapet den 20. april og i kommunestyret den 5. mai.

AKTUELLE LOVER, FORSKRIFTER, AVTALER MV.

Kommunelova
Forskrift om kontrollutval og revisjon

SAKSUTGREIING

Sekretariatet mottok kommunen sin årsrekneskap og årsmelding den 8. april. Revisjonsmeldinga er ikkje klar på tidspunkt for utsending av sakspapira, men revisor har i samtale signalisert at det ikkje vert merknader i revisjonsmeldinga.

Kontrollutvalet si fråsegn til årsrekneskapen for Lærdal kommune er basert på årsrekneskapen og årsmeldinga for 2021, samt tilbakemelding frå revisor for 2021.

I fråsegna er det teke omsyn til følgjande punkt:

Netto driftsresultat

Netto driftsresultat viser kva kommunen sit igjen med av inntekter etter at alle utgifter er trekt i frå. I tillegg til inntekter og utgifter vedkomande den ordinære drifta, det vil seie til administrasjon og tenestetilbod, inngår også finansinntekter (renteinntekter, mottatt utbytte og eventuelle kursgevinstar på finansielle omløpsmidlar) og finansutgifter (renteutgifter, avdrag på lån og eventuelle kurstap på finansielle omløpsmidlar) i resultatomgrepet. I tillegg er indikatoren korrigert for avskrivningar slik at desse ikkje gjev resultat effekt. Netto driftsresultat vert brukt som samanlikningsgrunnlag mellom kommunar.

Netto driftsresultat kan nyttast til finansiering av investeringar eller avsettast til seinare bruk, og gir dermed ein indikasjon på kommunen sin økonomiske handlefridom. For Lærdal kommune var netto driftsresultat for 2021 svært bra. Det enda med eit positivt netto driftsresultat på **kr 26 999 846**, ei stor forbetring frå 2020, då netto driftsresultat var **positivt med kr 14 430 699**. Samanlikna med tidlegare år er det ei svært stor forbetring, Lærdal kommune har i mange år tidlegare hatt betydeleg lågare resultat enn dei to siste åra.

Rekneskapsmessig meir-mindreforbruk i 2021 var på kr 0 slik som året før.

Teknisk berekningsutval for kommunal økonomi (TBU), som er nedsett av kommunal- og moderniseringsdepartementet har anbefalt at netto driftsresultat over tid bør utgjere minst 1,75% av driftsinntektene. Dette for at kommunen skal ha økonomisk handlingsrom og kunne avsetje til investeringar, ha rom for tiltak som kjem utanom planane og for å ivareta "formuesbevaringsprinsippet" i kommunelova.

Dei siste åra har det vore slik utvikling i forholdstalet:

2021	2020	2019	2018	2017	2016	2015
8,6%	5,12%	-1,42%, 1,18%	-0,85 %	-0,3 %	2,6% / -0,05 %**	-0,2%

** For 2019 nyttar vi både bokførte tal og tal korrigert for kostnadsføring av utbetaling av tilskot knytt til MR-maskina.

* For 2016 nyttar vi både bokførte tal og tal korrigert for inntektsføring av inntekter knytt til MR-maskina.

Tabellen viser at kommunen for andre gang sidan 2015 har eit resultat som reelt ligg over tilrådinga frå TBU. I perioden 2015 til 2019 låg resultatet heile tida under tilrådinga, men utviklinga (reelt) var positiv i 2019. Så fekk ein eit svært godt resultat i 2020 og no i 2021 er resultatet endå betre. Ein får såleis eit resultat som ligg langt over tilrådinga. Delar av forklaringa på det gode resultatet i 2021 er inntektsføring av netto om lag 1,5 mill. kr i

eigedomsskatt som har vore avsett som kortsiktig gjeld i balansen medan ein har venta på avklaring i rettssystemet. Ser ein vekk frå denne inntektsføringa som eigentleg gjeld inntekter for tidlegare år, vert netto driftsresultat i 2020 på 8,1%.

Dette er eit resultat ein må vere svært nøgd med. Hovudforklaringa som vert trekt fram i årsmeldinga er høge inntekter frå sal av kraft, høgare skatteinntekter enn rekna med samt gode tilskotsordningar frå staten i samband med koronasituasjonen. Det har vidare i hovudsak vore mindreforbruk på einingane. Kommunane har og kome betre ut av omlegginga av pensjonsordninga for offentleg sektor enn det ein la til grunn ved inngangen av året.

Overordna inntekter:

På eit overordna nivå er kommunen sin økonomi avhengig av utviklinga i skatteinntekter og rammetilskot, kraftprisen og rentenivået.

1. Skatteinntekter og rammetilskot vart samla om lag 8,3 mill. kr dårlegare enn budsjettert, men samstundes 10,2 mill. kr betre enn året før.
2. Andre skatteinntekter vart 14 mill. kr betre enn budsjettert
3. Oppnådd netto inntekt på sal av konsesjonskraft er i følgje årsmeldinga om lag 9,7 mill. kr høgare enn budsjettert.
4. Inntektene frå eigedomsskatt er om lag 1,7 mill. kr høgare enn budsjettert

Netto finansinntekter er samla om lag 1,3 mill. kr høgare enn budsjettert. Hovudårsaka til dette er høgare renteutgifter enn budsjettert.

Drifta i kommunen:

Dei ulike driftseiningane (inkludert sjølvkost VAR) går samla sett med eit mindreforbruk på 4,6 mill. kr i høve til regulert budsjett.

Det er og inntektsført om lag 2,6 mill. kr i høve pensjon som ikkje var budsjettert. Dette er inntektsført på eit eige ansvarsområde i staden for å fordele det ut på kvart ansvarsområde.

Arbeidskapital

Arbeidskapitalen gir uttrykk for likviditeten i kommunen, det vil seie evna til å betale gjeld ved forfall. Arbeidskapitalen omfattar bankinnskot, verdipapir og fordringar etter frådrag for kortsiktig gjeld. Arbeidskapitalen har gått opp frå 77,3 mill. kr i 2020 til 94,8 mill. kr per 31.12.21.

Arbeidskapitalen har med andre ord styrka seg vesentleg. Dette er ein naturleg følgje av det gode årsresultatet.

Langsiktig gjeld:

Låneutvikling

Langsiktig lånegjeld har gått ned med om lag 16,6 mill. kr. Det har ikkje vore gjort nye låneopptak i 2021. Netto lånegjeld (gjeld fråtrekt ubrukte lånemidlar og formidlingslån) utgjer i 2021 94,2% mot 105,1% året før. Den positive utviklinga i dette nøkkeltalet skuldast både at lånegjelda har gått ned, samt at inntektene har auka mykje.

Dersom vi ser på gjeldsgraden samla sett (langsiktig gjeld i prosent av brutto inntekter) så har denne gått ned frå 120% i 2020 til 101,8% i 2021. Gjennomsnittet for kommunegruppe 5, som skal vere samanliknbare kommunar er på 94,4%, mot 97% året før. Differansen mellom Lærdal kommune og samanliknbare kommunar har såleis gått mykje ned siste året. Snittet for landet utanom Oslo er no på 115% mot 117% i 2020. Samanlikna med andre kommunar har såleis utviklinga i Lærdal vore positiv siste året. Ein ligg no godt under snittet for landet, men ein har framleis eit gjeldsnivå som er over snittet av samanliknbare kommunar.

Kommunen la i budsjettet for 2021 til grunn ei målsetjing om at lånegjelda maks skal utgjere 75 % av samla inntekter. Skal ein nå dette målet må ein halde fram med eit lågt investeringsnivå vidare framover og/eller finansiere investeringane med overskot på drifta.

Pensjonsforplikting/pensjonsmidlar:

Pensjonsforpliktingane til kommunen har gått ned. Pensjonsforpliktingane utgjer no 357,2 mill. kr mot 365,8 mill. kr året før. Ein nedgang på 8,7 mill. kr. Pensjonsmidlane til kommunen har på same tid auka med 6,2 mill. kr til samla 361,8 mill. kr.

Utviklinga gjennom 2021 har medført at kommunen har gått frå å ha netto gjeld knytt til framtidige pensjonsutbetalingar til å ha netto pensjonsmidlar. Netto pensjonsmidlar er ved utgangen av året 4,6 mill. kr. Dette er ein betring frå netto gjeld på 10,1 mill. kr året før.

Oppsummert har gjeldsutviklinga både knytt til ordinære låneopptak og berekna pensjonsforplikting vore positiv for Lærdal kommune gjennom 2021.

Budsjettoverskridingar

Om lag alle einingane har halde seg innanfor budsjettet sitt i 2021. Dei einaste einingane som hatt meirforbruk av noko omgang ut over regulert budsjett er:

Tenesteeining	Meirforbruk	Forklaring i årsmeldinga:
Helse	0,36 mill. kr	Meirforbruket på helse skuldast behov i samband med pandemien for å ta ein ekstra vikarlege over ein periode på 4 månader. Dette er det gitt kompensasjon for, men denne er utbetalt som rammetilskot.
Eigedomsforvaltning	0,27 mill. kr	Netto inntekter for eigedomsforvaltning ligg litt under budsjett som følgje av større vedlikehaldsutgifter på bustadmassen enn det som var budsjettert
Teknisk drift	3,72 mill. kr	Meirforbruket skuldast i hovudsak auke i straumkostnader. Dette utgjer om lag 3,5 mill. kr. I tillegg er det nytta noko meir til brannutrykningar enn budsjettert.

For nærare kommentarar knytt til dei ulike tenesteområda vert det vist til omtale i årsmeldinga.

Revisjonsmeldinga

Revisor har signalisert at dei ikkje har merknader til årsrekneskapen og årsrapporten for 2021 for Lærdal kommune slik den ligg føre når det gjeld driftsrekneskapen. Det er eit forhold revisor har teke opp og det er at kulturhuset ikkje er ført ut av balansen og overført som eigarskap i Øyraplasse 14 AS. Om dette får konsekvens for ordlyden i revisjonsmeldinga er ikkje avklart på tidspunkt for utsending av sakspapira.

Konklusjon:

Med bakgrunn i denne saksutgreiinga, årsrekneskapen, årsrapporten og førebels tilbakemelding frå revisor er det utarbeidd eit utkast til fråsegn til Lærdal kommune sin årsrekneskap og årsrapport for 2021.

Kontrollutvalet i Lærdal kommune

Kommunestyret i Lærdal Kommune

UTKAST

Fråsegn frå kontrollutvalet: Årsrekneskap og årsrapport 2021

Kontrollutvalet har i møte 12.4.2021 handsama Lærdal kommune sin årsrekneskap for 2021.

Grunnlaget for handsaminga har vore den avlagde årsrekneskapen, kommunedirektøren sin årsrapport for 2021 og revisjonsmeldinga, datert x.4.2022. I tillegg har revisor og rådmann supplert kontrollutvalet med munnleg informasjon om aktuelle problemstillingar. Revisor har ikkje merknader til årsrekneskapen og årsmeldinga for 2021 for Lærdal kommune.

Kontrollutvalet har merka seg at rekneskapen for Lærdal kommune viser eit rekneskapsmessig meir/mindreforbruk på kr 0, medan netto driftsresultat er positivt med kr 26 999 846. Kontrollutvalet viser til at teknisk berekningsutval si tilråding er at netto driftsresultat skal utgjere 1,75% av driftsinntektene. Dette nøkkeltalet er i 2021 på 8,6% for rekneskapen til Lærdal kommune. Dersom ein korrigerer for inntektsføring av omtvista eigedomskatt som ikkje vart inntektsført i 2020 så er nøkkeltalet 8,1%. Det vil seie at resultatet til kommunen i 2021 ligg høgt over dette måлтаlet og er eit historisk godt resultat for kommunen.

Kommunen har ei målsetting om at lånegjelda maks skal utgjere 75% av samla inntekter. Kontrollutvalet registrerer at lånegjelda ligg over dette nivået (101,8%). Kommunen har samanlikna med andre kommunar ei høg lånegjeld som gjer att kommunen er utsett for ein auke i rentenivået. Utviklinga i lånegjelda har likevel vore positiv i 2021 og kontrollutvalet vil og vise til at kommunen dei siste to åra har styrka disposisjonsfondet sitt vesentleg. Dette er positivt.

Det har vore mindreforbruk i høve til regulert budsjett på dei fleste ansvarsområda i 2021. Det er meirforbruk av noko omfang innanfor ansvarsområda Eigedomshandling, Helse, og Teknisk drift. Avviket på teknisk drift gjeld i hovudsak straumkostnader.

Kontrollutvalet viser til ovannemnde og det som kjem fram i saksframlegget til kontrollutvalet i rekneskapsaka, samt revisjonsmeldinga. Kontrollutvalet har ikkje merknadar til rekneskapen og årsmeldinga for Lærdal kommune for 2021.

Lærdal, 19. april 2022

Njål Kaardal Golf
leiar i kontrollutvalet

Kopi til: Formannskapet



Årsrapport og årsrekneskap

2021



Innhold

Innleiing.....	4
Samandrag 2021.....	4
Årsrekneskap m/ notar.....	6
Notar	10
Investeringar	19
Økonomisk resultat – overordna.....	20
Driftsrammene	23
Investeringane.....	24
Oppsummering.....	24
Folketal.....	26
Kommunen som verksemd.....	27
Organisasjonskart for administrasjonen	27
Tal tilsette.....	29
Organisasjonsutvikling og omstilling.....	29
HMT-arbeid	30
Rekruttering	30
Medarbeidar og arbeidsmiljø.....	31
Etikk og diskriminering.....	32
Internkontroll	32
KOMMUNEN SINE TENESTEEININGAR	34
Politisk verksemd	34
Administrasjon	35
Barnehage	35
Grunnskulen.....	38
Helse- og omsorg.....	42
Helse.....	42
Bu- og miljø	44
Pleie- og omsorg.....	45
Teknisk drift.....	47
Kultur.....	48
Plan- og forvaltning.....	52
Landbruk.....	54
NAV kommune	55
Vedlegg.....	56

Årsmelding Sogn Lokalmedisinske senter	56
Årsmelding Aurland og Lærdal barnevern	56
Årsmelding for Brukthjørna KF.....	56

Innleiing

2021 vil også gå over i historien som eit spesielt år med skiftande restriksjonar og tiltak knytt til koronapandemien gjennom heile året, og store meirinntekter knytt til stigande straumprisar og ein uvanleg god skatteinngang for kommunesektoren.

Saman med rause koronakompensasjonar og mindreforbruk i tenesteytinga har dette gitt Lærdal gode resultat både økonomisk og for kommunen elles.

Kommunedirektøren legg med dette fram årsrapport med rekneskap og årsmelding for 2021:

- *Krav til rekneskap og rapportering i samsvar med Kommunelova § 14.6-7.*
- *Rapporten skal gje opplysningar om forhold som er viktige for å vurdere kommunen si økonomiske stilling – bruk av midlane og resultat oppnådd i rekneskapsåret*
- *Rapporten skal syne forvaltning og utvikling av finansielle midlar og gjeld gjennom året, og status ved utgangen av året.*
- *Det er krav om rapportering av forhold av vesentlig verdi for kommunen, omtale av tiltak for å sikre høg etisk standard – og arbeid for å fremje miljø og likestilling på alle område i kommunen.*
- *Kommunestyret skal sjølv vedta årsrekneskapen, etter tilråding frå formannskapet.*
- *Vedtaket skal syne disponering av rekneskapsmessig resultat.*

Samandrag 2021

Året starta med ein god utgang av 2020 der ein kunne legge fram eit godt økonomiske resultat og med utsikter om at pandemien nærma seg slutten. Slik blei det ikkje, og pandemisituasjonen med skiftande restriksjonar og stort fokus på vaksinerings, sette sitt preg gjennom heile 2021.

Sjølv om Lærdal i liten grad vart råka av høge smittetal sett vekk frå eit lokalt utbrot knytt til Lærdalsøyri skule i november, så utfordra situasjonen dei kommunale tenestene i stor grad.

Me har heldigvis sleppt unna stenging av skular og barnehagar, og har hatt avgrensa med smitte ved dei kommunale institusjonane og kommunalt tilsette. Om enn ein del kan kallast flaks så har kommunen kome svært godt frå arbeidet med å takla pandemien også i 2021. Sjølv om det er med oss og inn i 2022, så er det framleis gode prognosar på at me skal kome godt frå den oppgåva.

Kommunedirektøren vil framheva dei tilsette sin innsats og merkar seg ein oppofrande arbeid frå mange, der sentrale nøkkelpersonar har stått på og gjort ein fantastisk innsats.

Tilleggsutfordringar og endringar, for å handtere pandemien, er takla med mykje godt arbeid.

Gjennomføring av massevaksinerings var godt organisert frå starten, og Lærdal har vore blant dei fremste kommunane i landet når det gjeld dekningsgrad. Lærdølene har utmerka seg ved

at dei har vore flinke til å møte opp. Svært mykje av dette arbeidet har me greidd innan eksisterande ressursar og strukturar.

Kommunen var og aktiv med å tilby hjelp og støtte til lokalt næringsliv, og har løpande og raskt sakshandsama ulike koronastøtteordningar til næringslivet og lokale bedrifter.

Pandemien råka og det administrative arbeidet og til dels det politiske arbeidet med færre reiser og synfaringar ute i tenestene slik det er vanleg i normalår.

Utvida bruk av arbeid heimafrå og knytt til møter, seminar og kurs på digital plattform er arbeidsformer som er vidareført frå 2020 med godt resultat.

Men det er også arbeidsformer som kan ha sine utfordringar når det kjem til gjennomføring og framdrift. I tillegg mangel på sosiale møteplassar og kontaktpunkt på tvers innad i kommunen, og elles i regionen.

Det spesielle året til tross, så syner årsmeldinga rimeleg godt samsvar med det planlagde og det budsjetterte når det gjeld drifta av kommunen.

Bortsett frå teknisk som vart spesielt råka av høge straumprisar, har øvrige einingar hatt eit forbruk i samsvar med budsjett eller litt under.

Samla er resultatet svært tilfredstillande, og det økonomiske resultatet er historisk godt for Lærdal kommune.

Resultatet er prega av at me i stor grad har handtert pandemien innan dei budsjetterte rammene, konsesjonkraftinntektene og skatteinntektene er vesentleg høgere enn budsjettert, pensjonsoppgjæret er vesentleg rimelegare enn prognosen, og finansinntektene i form av utbytte, er høgere.

Dei statlege ordningane i høve koronapandemien, har kompensert godt for konsekvensane for Lærdal sitt vedkomande. Dette gjer at me samla sett har mindreforbruk til tenesteyting samanlikna med budsjettet.

Mindre reiseaktivitet, færre kurs, aktivitetar og samlingar med fysisk oppmøte har også bidrege til eit redusert driftsnivå.

Det gode økonomiske resultatet er medverkande til å styrke det lokale handlingsrommet til å gjennomføre framtidige investeringsprosjekt utan vesentleg auke i lånegjelda.

Årsrekneskap m/ notar

Økonomiske oversikter

Økonomisk oversikt - drift	Regnskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjett	Regnskap i fjor
Driftsinntekter				
1 Rammetilskudd	79 299 811	76 704 000	73 462 000	79 014 133
2 Inntekts- og formuesskatt	67 379 186	78 589 000	76 845 000	57 504 985
3 Eiendomsskatt	20 507 663	18 836 000	20 000 000	18 957 937
4 Andre skatteinntekter	21 500 340	7 402 000	7 402 000	21 733 924
5 Andre overføringer og tilskudd fra staten	7 272 304	4 618 000	4 618 000	6 790 524
6 Overføringer og tilskudd fra andre	64 285 988	45 130 700	44 380 700	69 624 757
7 Brukerbetalinger	10 526 177	9 804 000	9 804 000	10 086 169
8 Salgs- og leieinntekter	44 638 608	31 101 200	28 401 200	17 869 292
9 Sum driftsinntekter	315 410 076	272 184 900	264 912 900	281 581 721
Driftsutgifter				
10 Lønnsutgifter	148 571 106	146 802 800	144 737 800	144 834 306
11 Sosiale utgifter	32 540 952	37 704 500	37 514 500	30 357 650
12 Kjøp av varer og tjenester	70 991 424	63 549 300	61 524 100	62 061 460
13 Overføringer og tilskudd til andre	21 650 993	16 735 100	12 715 100	19 273 492
14 Avskrivninger	16 055 633	16 046 159	16 046 159	15 449 842
15 Sum driftsutgifter	289 810 108	280 837 859	272 537 659	271 976 750
16 Brutto driftsresultat	25 599 968 -	8 652 959 -	7 624 759	9 604 971
Finansinntekter				
17 Renteinntekter	720 546	550 000	550 000	985 872
18 Utbytter	3 651 432	3 643 000	1 600 000	6 572 500
19 Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	-	-	-	-
20 Renteutgifter	5 959 177	4 500 000	4 500 000	5 241 807
21 Avdrag på lån	13 068 556	13 000 000	13 000 000	12 940 678
22 Netto finansutgifter	- 14 655 755 -	13 307 000 -	15 350 000 -	10 624 114
23 Motpost avskrivninger	16 055 633	16 046 159	16 046 159	15 449 842
24 Netto driftsresultat	26 999 846 -	5 913 800 -	6 928 600	14 430 699
Disp. eller dekning av netto driftsresultat:				
25 Overføring til investering	-	-	-	-
26 Netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond	- 3 428 568	7 422 800	2 961 600 -	4 375 758
27 Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond	- 23 571 284 -	1 572 000	3 904 000 -	16 860 404
28 Bruk av tidligere års mindreforbruk	-	-	-	6 805 462
28 Dekning av tidligere års merforbruk	-	-	-	-
29 Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresultat	- 26 999 852	5 850 800	6 865 600 -	14 430 699
30 Fremført til inndekning i senere år (merforbruk)	-	-	-	-

Drift § 5-4	Regnskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjett	Regnskap i fjor
Bevilgningsoversikt - drift (regnskap)				
1 Rammetilskudd	79 299 811	76 704 000	73 462 000	79 014 133
2 Inntekts- og formuesskatt	67 379 186	78 589 000	76 845 000	57 504 985
3 Eiendomsskatt	20 507 663	18 836 000	20 000 000	18 957 937
4 Andre generelle driftsinntekter	28 772 644	12 020 000	12 020 000	28 524 448
5 Sum generelle driftsinntekter	195 959 303	186 149 000	182 327 000	184 001 503
6 Sum bevilgninger drift, netto	154 303 702	174 231 600	173 842 600	158 946 701
7 Avskrivninger	16 055 633	16 046 159	16 046 159	15 449 842
8 Sum netto driftsutgifter	170 359 335	190 277 759	189 888 759	174 396 543
9 Brutto driftsresultat	25 599 968 -	4 128 759 -	7 561 759	9 604 960
10 Renteinntekter	720 546	550 000	550 000	985 872
11 Utbytter	3 651 432	3 643 000	1 600 000	6 572 500
12 Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	-	-	-	-
13 Renteutgifter	5 959 177	4 500 000	4 500 000	5 241 807
14 Avdrag på lån	13 068 556	13 000 000	13 000 000	12 940 678
15 Netto finansutgifter	- 14 655 755 -	13 307 000 -	15 350 000 -	10 624 114
16 Motpost avskrivninger	16 055 633	16 046 159	16 046 159	15 449 842
17 Netto driftsresultat	26 999 846 -	1 389 600 -	6 865 600	14 430 689
Disponering eller dekning av netto driftsresultat				
18 Overføring til investering	-	-	-	-
19 Netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond	- 3 428 568	7 422 800	2 961 600 -	4 375 758
20 Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond	- 23 571 284 -	1 572 000	3 904 000 -	10 054 942
21 Dekning av tidligere års merforbruk	-	-	-	-
22 Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresultat	- 26 999 852	5 850 800	6 865 600 -	14 430 699
23 Fremført til inndekning i senere år (merforbruk)	-	-	-	-

§ 5-4 ledd

		Regnskap	Buds(end)	Budsjett	Regnskap
		2021	2021	2021	2020
100	Politisk styring og kontroll	3 492 306,29	3 548 033,00	3 514 000,00	2 859 531,66
110	Rådmann	2 815 135	2 949 691	2 903 000	2 458 858
111	Kyrkja og andre trussamfunn	2 690 500	2 785 000	2 765 000	2 827 245
112	Næringsarbeid	-	-	-	197 436
113	Stab og støtte	11 782 411	12 163 336	12 042 000	12 177 373
114	Plan og forvaltning	1 198 749	1 285 798	1 238 000	1 613 791
115	Eigedomsforvaltning	- 1 743 595	- 2 016 911	- 2 035 000	- 1 147 398
116	Landbruk	1 728 869	1 814 358	1 775 000	1 535 986
120	Borgund oppvekstsenter	7 811 057	7 884 858	7 629 000	6 612 401
123	Lærdalsøyri barnehage	11 944 652	12 265 743	12 009 000	11 254 235
129	Lærdalsøyri skule	24 102 446	24 099 950	23 545 000	23 558 670
130	Bu- og miljøteneste	18 752 027	21 305 014	20 706 000	16 639 327
131	Helse	9 715 722	9 350 792	7 463 000	10 265 188
132	NAV kommune	2 038 956	3 144 168	3 116 000	2 625 551
133	Pleie og omsorg	39 594 224	40 718 429	39 991 000	40 326 701
134	Barnevern	4 055 438	5 100 584	5 084 000	4 507 938
135	Flyktingetenesta	-	-	-	8 112
136	LMS	4 231 074	4 569 410	4 227 000	4 312 822
137	Matforsyning	-	-	-	2 270 611
151	Kultur	5 672 688	6 534 920	6 453 000	5 273 201
162	Teknisk drift	20 607 815	16 886 827	16 676 000	19 888 119
163	Sjølvkost vatn og avløp	- 2 474 324	- 875 000	- 875 000	- 1 910 877
176	Lønsreguleringsfond	-	-	2 200 000	-
180	Kjøp og sal av konsesjonskraft	- 23 490 367	- 13 839 000	- 11 139 000	- 14 665 942
183	Pensjon	- 2 546 220	-	-	- 2 574 720
	T O T A L T	141 979 563	159 676 000	159 287 000	150 914 161
	Korr for netto bruk/avsetning til	12 324 139			9 854 554
	Rekneskapskontoret				- 1 822 013
	Sum korrigert netto bevilgning	154 303 702			158 946 701

-

+++++

++++++

Oversikt over samlet budsjettavvik og årsavslutningsdisposisjoner (§5-9)

Driftsregnskapet		Regnskap
Netto driftsresultat		26 999 846
Overført til investering som budsjettert		-
Netto avsetning disposisjonsfond som budsjettert	-	1 572 000
Netto bruk/avsetning bundne fond	-	3 428 568
Sum budsjettdisposisjoner	-	5 000 568
Årets budsjettavvik		21 999 278
Strykning overført til investering		
Strykning av bruk av disposisjonsfond		-
Mer eller mindreforbruk etter strykninger		21 999 278
Avsetning mindreforbruk drift til disposisjonsfond	-	21 999 278
Sum		-
Investeringsregnskapet		Regnskap
Sum investeringsutgifter, investeringsinntekter og netto videreutlån	-	7 851 151
Netto avsetninger til eller bruk av bundne investeringsfond		254 020
Budsjettert bruk av lån		16 008 000
Overføring fra drift som budsjettert		-
Netto avsetninger til ubundne investeringsfond		-
Sum budsjettdisposisjoner		16 262 020
Årets budsjettavvik		8 410 869
Strykning overført fra drift		-
Stryking bruk av lån	-	142 675
Strykning bruk av ubundet investeringsfond		-
Udisponert beløp etter strykninger		-
Avsetning av udisponert beløp etter strykninger til ubundet investeringsfond		8 268 194
Fremført til inndekning senere år		-

	Regnskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjett	Regnskap i fjor
Bevilgningsoversikt - invest. (regnskap)				
1 Investeringer i varige driftsmidler	32 711 202	35 062 000	61 370 000	47 197 970
2 Tilskudd til andres investeringer	-	-	-	-
3 Investeringer i aksjer og andeler i selskaper	656 592	900 000	900 000	721 722
4 Utlån av egne midler	-	-	-	-
5 Avdrag på lån	-	-	-	-
6 Sum investeringsutgifter	33 367 794	35 962 000	62 270 000	47 919 692
7 Kompensasjon for merverdiavgift	2 887 963	4 515 500	6 074 000	5 464 488
8 Tilskudd fra andre	595 000	-	450 000	400 000
9 Salg av varige driftsmidler	21 886 263	4 610 000	6 500 000	4 245 112
10 Salg av finansielle anleggsmidler	122 500	-	-	-
11 Utdeling fra selskaper	-	-	-	-
12 Mottatte avdrag på utlån av egne midler	-	-	-	-
13 Bruk av lån	15 865 325	16 008 000	40 008 000	27 219 675
14 Sum investeringsinntekter	41 357 051	25 133 500	53 032 000	37 329 276
15 Videreutlån	1 618 504	-	-	3 085 000
16 Bruk av lån til videreutlån	1 618 504	-	-	-
17 Avdrag på lån til videreutlån	1 512 391	-	-	1 586 737
18 Mottatte avdrag på videreutlån	1 537 308	-	-	753 010
19 Netto utgifter videreutlån	- 24 917	-	-	3 918 727
20 Overføring fra drift	-	-	-	-
21 Netto avsetninger til eller bruk av bundne investeringsfond	254 020	-	-	14 509 143
22 Netto avsetninger til eller bruk av ubundet investeringsfond	- 8 268 194	-	-	-
23 Dekning av tidligere års udekket beløp	-	-	-	-
24 Sum overføring fra drift og netto avsetninger	- 8 014 174	-	-	14 509 143
25 Fremført til inndekning i senere år(udekket beløp)	-	-	-	-

Oversikt - balanse**EIENDELER**

	Regnskap 2021	Regnskap 2020
A. Anleggsmidler	896 476 600	892 049 153
I. Varige driftsmidler	492 519 822	494 983 390
1. Faste eiendommer og anlegg	483 137 089	484 608 634
2. Utstyr, maskiner og transportmidler	9 382 733	10 374 756
II. Finansielle anleggsmidler	42 128 616	41 388 104
1. Aksjer og andeler	21 357 224	20 603 615
2. Obligasjoner	-	-
3. Utlån	20 771 392	20 784 489
III. Immaterielle eiendeler	-	-
IV. Pensjonsmidler	361 828 163	355 677 660
B. Omløpsmidler	148 377 932	120 039 462
I. Bankinnskudd og kontanter	83 460 202	77 421 704
II. Finansielle omløpsmidler	-	-
1. Aksjer og andeler	-	-
2. Obligasjoner	-	-
3. Sertifikater	-	-
4. Derivater	-	-
III. Kortsiktige fordringer	64 917 730	42 617 758
1. Kundefordringer	18 766 564	11 729 281
2. Andre kortsiktige fordringer	16 302 666	10 409 369
3. Premieavvik	29 848 500	20 479 107
Sum eiendeler	1 044 854 532	1 012 088 615

EGENKAPITAL OG GJELD

C. Egenkapital	312 892 907	266 282 812
I. Egenkapital drift	74 869 259	46 212 784
1. Disposisjonsfond	45 105 297	21 534 013
2. Bundne driftsfond	29 114 942	24 678 771
3. Merforbruk i driftsregnskapet	-	-
4. Mindreforbruk i driftsregnskapet	-	-
II. Egenkapital investering	16 704 917	10 347 366
1. Ubundet investeringsfond	8 268 194	-
2. Bundne investeringsfond	9 085 743	10 347 366
3. Udekket beløp i investeringsregnskapet	-	-
III. Annen egenkapital	221 318 731	209 722 663
1. Kapitalkonto	220 310 764	208 714 695
2. Prinsippendringer som påvirker arbeidskapitalen drift	-	-
3. Prinsippendringer som påvirker arbeidskapitalen investering	1 007 967	1 007 967
D. Langsiktig gjeld	678 423 578	703 076 171
I. Lån	321 215 415	337 255 011
1. Gjeld til kredittinstitusjoner	321 215 415	337 255 011
2. Obligasjonslån	-	-
3. Sertifikatlån	-	-
II. Pensjonsforpliktelse	357 208 163	365 821 160
E. Kortsiktig gjeld	53 538 053	42 729 632
I. Kortsiktig gjeld	53 538 053	42 729 632
1. Leverandørgjeld	18 612 057	12 969 733
2. Likviditetslån	-	-
3. Derivater	-	-
4. Annen kortsiktig gjeld	34 925 996	29 759 898
5. Premieavvik	-	-
Sum egenkapital og gjeld	1 044 854 539	1 012 088 615
F. Memoriakonti	-	-
I. Ubrukte lånemidler	2 276 511	19 760 340
II. Andre memoriakonti	-	-
III. Motkonto for memoriakontiene	- 2 276 511 -	19 760 340

Notar

Note 1 – Prinsippnote/grunnleggjande rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen for Lærdal kommune er sett opp i samsvar med kommunelova av 22. juni 2018, Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner mv. av 7. juni 2019, og god kommunal rekneskapskikk.

Kommunen si samla verksemd

Lærdal kommune har skilt ut formidling av kraft i eit eige kommunalt føretak – Okken Kraft Holding AS. Okken Kraft Holding avgir eige rekneskap.

Lærdal kommune er med i Simas IKS som er eit interkommunalt selskap eigd av kommunane i Indre Sogn for drift av renovasjonstenester. Simas IKS avgir eige rekneskap.

Lærdal kommune har interkommunalt samarbeid med nabokommunar innan fleire område. Dette gjeld mellom anna barnevern, rekneskap, løn, landbruk og skatt. Ingen av desse avgir eige rekneskap og Lærdal kommune sin årsrekneskap innehald Lærdal sin andel av utgiftane.

Årsrekneskapen for kommunekassen gir uttrykk den samla verksemda for kommunen, jamfør kml § 14-6.

Brutto prinsippet

Årsrekneskapen omfattar alle økonomiske midlar som er skaffa i året og bruken av desse midlane. Utgifter, utbetalingar, inntekter og innbetalingar blir rekneskapsført brutto.

Anordningsprinsippet

Alle kjende kostnader og inntekter i 2021 er tekne med i årsrekneskapen anten dei er betalt eller ikkje når årsrekneskapen er avslutta. I den grad enkelte utgifter, utbetalingar, inntekter eller innbetalingar ikkje kan fastsetjast eksakt ved tidspunktet for rekneskapsavlegginga blir beste estimat lagt til grunn.

For lån er kun den delen av lånet som faktisk er brukt i løpet av året ført i investeringsrekneskapen. Den delen av lånet som ikkje er brukt blir registrert som memoriapostar.

Klassifisering av eigedeler og gjeld

Anleggsmidlar er eigedeler bestemt for varig eige eller bruk. Alle andre eigedeler er omløpsmidlar. Fordringar knytt til eigen vare- og tenesteproduksjon, samt markedsbaserte verdipapir er alltid omløpsmidlar. Andre markedsbaserte verdipapir er klassifiserte som omløpsmidlar med mindre kommunen har føreteke investeringar ut frå næringspolitisk eller samfunnsmessig omsyn.

Langsiktig gjeld er lån knytt til føremål som nemnd i kommunelova §§ 14-15 - 14-17, med unntak av kassakreditt og likviditetslån. Bruk av sertifikatlån og kortsiktige lån til finansiering av føremål som nemnd i kommunelova §§ 14-15 - 14-17 er klassifisert som langsiktig gjeld, sjølv om avtalt løpetid er kort. All gjeld i kommunen som ikkje er knytt til føremåla i kommunelova §§ 14-15 - 14-17, unnateke kassakreditt og likviditetslån er kortsiktig gjeld.

Vurderingsreglar

Anleggsmidlar er vurdert til anskaffelseskostnad. Anleggsmidlar som har avgrensa økonomisk levetid er avskrivne linjært. Andre anleggsmidlar (aksjar, andelar og utlån) er nedskrivne til vurdert verkeleg verdi når verdifallet ikkje er forventa å vere forbigåande.

Omløpsmidlar er vurdert til lågaste verdi av anskaffelsesverdi og vurdert verkeleg verdi.

Note 2 – Endring i arbeidskapital (F § 5-10 a)

Balanseregnskapet :	31.12.2021	31.12.2020	Endring
2.1 Omløpsmidler	kr 148 377 932	kr 120 039 462	
2.3 Kortsiktig gjeld	kr 53 538 053	kr 42 729 632	
Arbeidskapital	kr 94 839 878	kr 77 309 830	kr 17 530 048

Drifts- og investeringsregnskapet :	Beløp	Sum
Anskaffelse av midler :		
Inntekter driftsregnskap	kr 315 410 076	
Inntekter investeringsregnskap	kr 25 491 726	
Innbet.ved eksterne finanstransaksjoner	kr 23 393 114	
Sum anskaffelse av midler	kr 364 294 916	kr 364 294 916

Anvendelse av midler :		
Utgifter driftsregnskap	kr 273 754 475	
Utgifter investeringsregnskap	kr 33 367 794	
Utbetalinger ved eksterne finanstransaksjoner	kr 22 158 628	
Sum anvendelse av midler	kr 329 280 896	kr 329 280 896

Anskaffelse - anvendelse av midler	kr 35 014 019
---	----------------------

Endring ubrukte lånemidler (økning +/-reduksjon-)	kr (17 483 971)
Endring arbeidskapital i drifts-og investeringsregnskap	kr 17 530 048

Endring arbeidskapital i balansen	kr 17 530 048
Differanse (forklares nedenfor)	kr 0

Note 3 Pensjon (§ 5-12 c)

	KLP 2021	SPK 2021	Sum 2021	KLP 2020	SPK 2020	Sum 2020	KLP 2019
Årets opptening	12 838 982	1 659 686	14 498 668	12 447 764	1 625 144	14 072 908	13 052 348
Rentekostnad	9 998 223	552 848	10 551 071	11 626 274	874 530	12 500 804	13 013 126
Brutto pensjonskostnad	22 837 205	2 212 534	25 049 739	24 074 038	2 499 674	26 573 712	26 065 474
Forventa avkastning	- 11 620 535	- 346 624	- 11 967 159	-12 729 332	-773 232	-13 502 564	-12 676 952
Netto pensjonskostnad	11 216 670	1 865 910	13 082 580	11 344 706	1 726 442	13 071 148	13 388 522
Sum amortisert premieavvik	4 710 214	- 171 526	4 538 688	4 145 058	-159 672	3 985 386	3 351 931
Administrasjonskostnad	680 939	57 663	738 602	836 529	52 987	889 516	796 935
Samla kostnad (inkl.adm.)	16 607 823	1 752 047	18 359 870	16 326 293	1 619 757	17 946 050	17 537 388

REKNESKAP	KLP 2021	SPK 2021	Sum 2021	KLP 2020	SPK 2020	Sum inntekt 20	KLP 2019
Premieavvik							
Premieavvik	13 087 659	22 462	13 110 121	3 560 171	-46 872	3 513 299	5 644 639
Arbeidsgjevaravgift	1 387 292	2 381	1 389 673	377 378	-4 968	372 410	598 332
Sum	14 474 951	24 843	14 499 794	3 937 549	-51 840	3 885 709	6 242 971

REKNESKAP	KLP 2021	SPK 2021	Sum 2021	KLP 2020	SPK 2020	Sumkostnad 20	KLP 2019
Amortisering av tidl. Års premieavvik							
Premieavvik	4 710 214	- 171 526	4 538 688	4 145 058	-159 672	3 985 386	3 351 931
Arbeidsgjevaravgift	499 283	18 182	481 465	439 376	-16 925	422 451	355 305
Sum	5 209 497	- 189 708	5 019 789	4 584 434	-176 597	4 407 837	3 707 236

BALANSE	KLP 2021	SPK 2021	Ikke utg.ført KLP	KLP 2020	SPK 2020	Sum 2020	KLP 2019
Ikke utg.ført pr 31.12							
Premieavvik	26 908 063	79 730	26 987 793	18 530 618	114 258	18 644 876	19 115 505
Arbeidsgjevaravgift	2 852 255	8 451	2 860 706	1 964 246	12 111	1 976 357	2 026 244
Sum	29 760 318	88 181	29 848 499	20 494 864	126 369	20 621 233	21 141 749

BALANSE	KLP 2021	SPK 2021	Sum 2021	KLP 2020	SPK 2020	Sum 2020	KLP 2019
Pensjonsforpliktelse	336 467 599	20 640 803	357 108 402	337 362 755	27 486 244	364 848 999	332 173 485
Pensjonsmidlar	348 983 233	12 844 929	361 828 162	331 972 307	23 705 353	355 677 660	297 735 787
Netto forpliktelse	- 12 515 634	7 795 874	- 4 719 760	5 390 448	3 780 891	9 171 339	34 437 698
Arb.g.avgift forpliktelse	- 1 326 657	826 363	- 500 295	571 387	400 774	972 162	3 650 396

Økonomiske føresetnader

Diskonteringsrente
Forventa lønnsvekst
Forventa g-regulering
Forventa avkastning

	KLP 2020	SPK 2020
	4,0 %	3,5 %
	2,97 %	3,5 %
	2,97 %	2,48 %
	4,5 %	3 %

Alle arbeidstakarar er medlem i anten KLP (Kommunal Landpensjonskasse) eller SPK (Statens pensjonskasse)

Kr 18 644 876 som står som ikkje utgiftsførte kostnader er innbetalt til KLP og SPK men ikkje utgiftsført. Desse kostnadane blir nedskrivne over fleire år. Premieavvik som blir bokført no blir nedskrive over 7 år.

Note 4 Kommunens garantiansvar (F § 5-12 d)

Lærdal kommune har garantert for lån frå Alarmsentralen i Sogn og Fjordane til Kommunekreditt.

Rest garantibeløpet er kr 1.000.

Note 5 Utlån under finansielle anleggsmidler (F § 5-11 c)

Hva	Midler	31.12.2021	31.12.2020
Lån til videreutlån (husbanklån)	Lån etter kml § 14-17	20 771 392	20 784 489

Note 6 Aksjar og andeler i varig eie (F § 5-11 b)

Selskapets navn	Eierandel i selskapet	Markedsverdi	Balanseført verdi 31.12.19	Balanseført verdi 31.12.20
Okken Kraft Holding AS	100,00 %		kr 10 612 740	kr 10 612 740
Sogndal Kulturhus			kr 10 000	kr 10 000
Lærdal Næringsutvikling	65,93 %		kr 300 000	kr 300 000
KLP (eigenkapitalinnskot)			kr 8 739 153	kr 9 460 875
Visit Sognefjord AS (på vegne av Villakssenteret)			kr 5 000	kr 5 000
Visit Sognefjord AS	4,91 %		kr 105 000	kr 105 000
Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS	3,60 %		kr 110 000	kr 110 000
Sum		kr -	kr 19 881 893	kr 20 603 615

Note 7 Bruk og avsetning av fond (F § 5-13 a)

Samla fondsstatus	2021	2020
Samla beholdning fond pr 1.1	kr 56 560 149	kr 40 282 206
Bruk av fonda	kr 22 660 690	kr 36 981 409
Avsetning til fonda	kr 57 674 716	kr 53 337 796
Samla beholdning fond pr 31.12	kr 91 574 175	kr 56 560 150

Disposisjonsfond

Beholdning 01.01.	kr 21 534 013	kr 4 673 609
Bruk av fondet i driftsregnskapet	kr -	kr -
Bruk av fondet i investeringsregnskapet		kr -
Avsetninger til fondet	kr 23 571 284	kr 16 860 404
Beholdning 31.12.	kr 45 105 297	kr 21 534 013

Bundne driftsfond

Beholdning 01.01.	kr 24 678 771	kr 20 303 013
Overført brannsikringsmidlarfra investeringsfond	kr 1 007 603	
Bruk av fonda i driftsregnskapet	kr 16 254 947	kr 11 824 628
Bruk av fonda i investeringsrekneskapen		kr -
Avsetninger til fonda	kr 19 683 515	kr 16 200 386
Beholdning 31.12.	kr 29 114 942	kr 24 678 771

Ubundne investeringsfond

Beholdning 01.01.	kr -	kr -
Bruk av fonda	kr 5 731 806	kr -
Avsetning til fonda	kr 14 000 000	kr -
Beholdning 31.12.	kr 8 268 194	kr -

Bundne investeringsfond

Beholdning 01.01.	kr 10 347 366	kr (2 073 491)
Overført brannsikringsmidlar til driftsfond	kr 1 007 603	
Bruk av fonda	kr 673 937	kr 14 509 143
Avsetning til fonda	kr 419 917	kr 26 930 000
Beholdning 31.12.	kr 9 085 743	kr 10 347 366

Mindreforbruk i driftsrekneskapen

Beholdning 01.01.	kr -	kr 6 805 462
Bruk av fonda	kr -	kr 6 805 462
Årets resultat	kr -	kr -
Beholdning 31.12.	kr -	kr -

Note 8 Kapitalkonto (F § 5-10 b)

	DEBET		KREDIT
		Saldo 1.1. (kapitalkonto)	208 714 695
Debetposter i året:		Kreditposter i året:	
		Aktivisering Fast eiendom og anlegg	12 528 603
		Aktivisering Utstyr, maskiner og transportmidlar	1 063 462
		Kjøp av aksjar/andelar	656 592
		Utlån - driftsrekneskapen	-
		Utlån - investeringsrekneskapen	1 618 504
		Avdrag på eksterne lån	14 527 424
		Avdrag på startlån	1 512 391
		Endring pensjonsmidlar (auke)	6 150 503
		Gevinst ved sal av fast eiendom mm	21 886 263
Sal av fast eiendom, anlegg, utstyr, maskiner og transportmidlar	21 886 263		
Avskrivning: Eigedom og anlegg	14 000 148		
Avskrivning: Utstyr, maskiner og transportmidler	2 055 485		
Mottekne avdrag på utlån - drift	-		
Mottekne avdrag på utlån - investering	1 537 308		
Avskrivning på utlån	15 926		
Bruk av lånemidlar	17 483 829		
Endring pensjonsforpliktelsar (auke)	- 8 612 997		
Avvik aktiveringer			87 017
Avvik avskrivninger og mottatte avdrag	69 035		
Uforklart avvik			307
Balanse 31.12 (kapitalkonto)	220 310 764		
	268 745 761		268 745 761

Note 9 Avsetning/bruk av nærings og konsesjonsavgiftsfondet

	2021	2020
IB 01.01.	6 674 325	2 697 160
Inntekter		
Renteinntekter bank	177	(307)
Konsesjonsavgift	7 833 082	7 831 334
Innbetalt avdrag på utlån		
Sum inntekter	7 833 259	7 831 027
Utgifter		
Vedtekne tilskot LNU	3 076 371	1 657 610
Kjøp av tenester LNU	906 231	1 350 000
Utviklingsprosjekt Villakssenteret	25 000	
Disponert av formannskapet	40 660	17 301
Visit Sognefjord	648 823	
Bruk av næringsfond til lønn ordførar	250 000	250 000
Bruk av næringsfond til planarbeid	432 703	478 951
Bruk av næringsfond til Klimakordinator	409 974	
Klimakoordinator	100 000	100 000
Sum utgifter	5 889 762	3 853 862
UB 31.12.	8 617 822	6 674 325
<hr/>		
Pr 31.12. hadde vi følgjande utlån frå konsesjonsavgiftsfondet:	2021	2020
Sum utlån næringskundar	-	80 071

Renter og avdrag som blir innbetalt gjennom året på desse låna blir tilført konsesjonsavgiftsfondet.

Note 10 Anleggsmidler

(Tala er oppgjevne i heile 1 000.)

	EDB-utstyr, kontor- maskiner	Anleggs- maskiner, inventar mv.	Brannbilar, tekniske anlegg, parkplassar	Boligar, skular, vegar, idrettsanlegg, ledningsnett	Adm.bygg, sjukeheimar mv.	Tomter og næringsareal	SUM
Anskaffelseskost 01.01.20	17 323	15 803	59 659	232 483	297 686	74 707	701 859
Årets tilgang	218	845	9	3 086	509	8 925	13 592
Årets avgang							
Anskaffelseskost 31.12.	17 541	16 648	59 668	235 569	298 195	83 632	715 451
Akk avskrivninger pr 1.1	12 442	11 973	24 246	81 343	71 493	1 183	202 679
Årets avskrivninger	1 185	658	2 401	5 859	5 953	0	16 056
Akk. avskr. og nedskr. 31.12.	13 627	12 631	26 647	87 202	77 446	1 183	218 736
Bokført verdi pr. 31.12.	3 914	4 018	33 021	148 367	220 750	82 449	492 517

Note 11 Langsiktig gjeld og avdrag

Sum langsiktig gjeld 1.1 x avskrivning i året 295.933.951x16.055.633 = min. avdrag 10 474 992
453.595.286

Betalte avdrag på eigne lån i 2021 13 068 556

Lån til eigne investeringar:	Årstal for låneopptak	31.12.2021	31.12.2020
Konto: 24831004 KOMMUNALBANK, NR. 20010308/0	2001	19 983 540	21 315 780
Konto: 24831006 KOMMUNEKREDITT, LÅNNR. 10142	2005	17 971 438	18 942 866
Konto: 24831007 KOMMUNEKREDITT 10228	2005	8 034 304	8 457 160
Konto: 24831010 KOMMUNALBANKEN LÅN NR 200707	2007	5 113 280	5 432 860
Konto: 24831011 KLP NR 030 412031	2008	10 500 000	12 000 000
Konto: 24831012 LÅN KLP NR 50016	2009	6 000 000	6 750 000
Konto: 24831013 LÅN KLP NR 50017	2009	6 101 600	6 864 300
Konto: 24831014 KOMMUNALBANKEN LÅNENR 2010024	2010	10 625 000	11 875 000
Konto: 24831016 KOMMUNALBANKEN LÅNENR 2011027	2011	19 237 500	21 161 240
Konto: 24831020 KOMMUNALBANKEN LÅNENR 20160289	2016	65 905 510	65 905 510
Konto: 24831021 KOMMUNALBANKEN LÅNENR 20160699	2016	8 000 000	8 400 000
Konto: 24831022 KOMMUNALBANKEN LÅNENR 20170338	2017	63 619 680	66 114 560
Konto: 24831023 KOMMUNALBANKEN LÅNENR 2018058	2018	17 600 000	18 400 000
Konto: 24831024 KOMMUNALBANKEN LÅNENR 20200478	2020	38 400 000	40 000 000
Sum lånegjeld til eigne investeringar pr 31.12		297 091 852	311 619 276
Av dette ubrukte lånemidler			15 685 325
Netto brukte lånemidler pr 31.12 til eigne investeringar		297 091 852	295 933 951

Formidlingslån:	Årstal for låneopptak	31.12.2021	31.12.2020
Konto: 24819010 HUSBANKEN 135473205	2003	318 178	409 086
Konto: 24819012 HUSBANKEN 13550255 7	2004	409 086	499 994
Konto: 24819068 HUSBANK 135217818	1998	66 162	98 852
Konto: 24819070 HUSBANK 13526739 1	1999	-	22 104
Konto: 24819076 HUSBANKEN 13551898	2005	499 994	590 902
Konto: 24819511 HUSBANKEN 13553539 1	2006	2 168 722	2 405 491
Konto: 24819512 HUSBANKEN 13554995 4	2007	964 475	1 025 870
Konto: 24819077 HUSBANKEN 13551898	2009	2 235 988	2 287 607
Konto: 24819081 HUSBANKEN 13562997	2015	5 869 248	6 145 376
Konto: 24819511 HUSBANKEN 13553539	2016	295 438	340 890
Konto: 24819512 HUSBANKEN 13562997	2016	340 890	386 344
Konto: 24819515 HUSBANKEN 13564147	2017	1 725 479	1 800 557
Konto: 24819516 HUSBANKEN 13565605	2017	1 320 768	1 376 786
Konto: 24819517 HUSBANKEN 13565934	2018	7 909 135	8 245 876
Sum lånegjeld formidlingslån pr 31.12		24 123 563	25 635 735
Av dette ubrukte lånemidler		2 251 594	3 895 015
Netto brukte lånemidler formidlingslån pr 31.12		21 871 969	21 740 720

Totale lån pr 31.12	321 215 415	337 255 011
Av dette ubrukte lånemidler	2 251 594	19 580 340
Netto brukte lånemidler pr 31.12	318 963 821	317 674 671

Låna til egne investeringar er fordelt sånn med omsyn til rentevilkår:

Fast rente:	Lånesaldo 31.12	Rentesats	Bunde til
24831022 Kommunalbanken	63 619 680	2,42 %	2023
Sum fast rente	63 619 680		
Flytande rente (resten av låna)	233 472 172	ca 1,0 %	Gj. Snitt

Alle formidlingslåna ligg no med flytande rente

Note 12 Ytingar til leiande personar og revisor

Ytingar til leiande personar	2021	2020
Rådmann (Arne Johansen)01.01.20 - 31.01.20		kr 82 917
Konstituert rådmann (Lars Bogstad) 20.01.20-31.07.20		kr 612 513
Rådmann (Gunn Lerøy) frå 01.08.20(årsløn 990 000 til 01.05.21)	kr 1 040 000	kr 412 000
Ordførar Audun Mo	kr 790 398	kr 790 398
Ordførar Jan Geir Solheim etterløn 5.10 -31.12 og 01.01.20-31-01.20		kr 65 866

Godtgjersle til revisor

Samla utbetaling til KPMG i 2021: kr 574.036,50, av dette er kr 386.900 forvaltningsrevisjon. Kr 187.136,50 er til rekneskapsrevisjon og attestasjonar.

Note 13 Spesifikasjon av lønsutgifter

Få få eit totalt inntrykk av lønsutgiftene må ein også ta med refusjonar på sjukeløn og svangerskap. Desse refusjonane går inn som inntekt under "overføringar med krav til motytelse"

	Rekneskap 2021	Budsjett 2021	Rekneskap 2020
Lønsutgifter	148 571 106	146 802 800	144 834 306
Sosiale utgifter	32 540 952	37 704 500	30 357 650
Refusjonar løn	(8 751 948)	(1 960 000)	(8 748 995)
Netto lønsutgifter	172 360 110	182 547 300	166 442 961

Samla hadde Lærdal kommune 231 årsverk pr. 31.12.2021 (223 årsverk pr. 31.12.20)

Det er inngått tenestepensjonsavtale mellom alle tilsette gjennom KLP (Kommunal Landpensjonskasse) eller SPK (Statens Pensjonskasse).

Note 14 – Gebyrfinansierte sjølvkosttenester

ETTERKALKYLE 2021

Lærdal kommune har utarbeida etterkalkyle for betalingstenester i samsvar med retningslinjer og forskrifter

Kommunen har benyta sjølvkostmodellen "Momentum Selvkost Kommune"

Samla etterkalkyle sjølvkost 2021	Vatn	Avløp	Feiing	Totalt
Gebyrinntekter	3 576 294	2 991 983	401 040	6 969 317
Andre driftsinntekter	195 695	254 493		450 188
Sum driftsinntekter	3 771 989	3 246 476	401 040	7 419 505
Direkte driftskostnader	2 999 145	2 667 681	597 756	6 264 582
Avskrivingskostnader	558 056	137 742		695 798
Kalkulatorisk rente (2,37 %)	579 684	140 595		720 279
Indirekte netto driftskostnader	230 607	238 564	68 613	537 784
Indirekte avskrivingskostnad	43 100	44 350	9 253	96 703
Indirekte kalkulatorisk rente (2,37%)	35 651	36 055	8 444	80 150
Sum driftskostnader	4 446 243	3 264 987	684 066	8 395 296
Resultat	-674 254	-18 511	-283 026	-975 791
Kostnadsdekning i prosent	84,8 %	99,4 %	58,6 %	88,4 %
Sjølvkostfond 1.1	3 087 404	660 552	340 283	4 088 239
Bruk av fond	-674 255	-18 512	-283 025	-975 792
Avsetning til fond				-
Kalkulert renteinntekt fond 2,30 %)	53 795	12 739	3 888	70 422
Sjølvkostfond 31.12	2 466 944	654 779	61 146	3 182 869

Note 15 - forklaring til ein del av postane "økonomisk oversikt drift"

Brukarbetalingar:	Rekneskap 2021	Budsjett 2021	Rekneskap 2020
Barnehage	2 894 019	2 400 000	2 385 729
SFO	844 996	850 000	667 172
Musikk og kulturskule	201 200	210 000	175 980
Lærdal Helsecenter	813 641	975 000	871 949
Lokalmedisinsk senter	407 391	580 000	381 995
Lærdal Alders og sjukeheim	4 858 931	4 180 000	4 977 870
Heimetenester	377 701	389 000	387 347
Fysioterapi	128 304	220 000	234 705
Vaksenopplæring			-
Rådhuset			3 425
	10 526 183	9 804 000	10 086 172

Andre sals og leigeinntekter:

	Rekneskap 2021	Budsjett 2021	Rekneskap 2020
Avgifter teknisk (vatn, kloakk, bygg)	9 300 003	8 687 300	8 003 467
Husleigeinntekter	5 352 366	4 712 900	5 352 620
Sal av varer og tenester	29 488 252	16 946 000	3 962 969
Billettinntekter	140 159	400 000	190 310
Bladpengar Helg og Kvardag	120 373	155 000	122 472
Avgift og fallrettar	237 454	200 000	237 454
	44 638 607	31 101 200	17 869 292

Overføringar og tilskudd frå andre:

	Rekneskap 2021	Budsjett 2021	Rekneskap 2020
Statstilskot	10 442 908	4 379 000	7 144 884
Refusjonar frå staten	13 450 929	14 223 000	7 960 680
Refusjon sjukeløn	5 839 123	1 130 000	7 227 177
Refusjon svangerskap	2 912 825	830 000	1 521 818
Momskompensasjon	7 380 348		6 245 447
Refusjonar frå fylket	731 870	2 273 000	2 619 191
Refusjonar andre kommunar	19 740 932	19 244 300	18 420 522
Refusjonar frå private	1 696 858	2 941 400	1 558 034
Overført frå Fylkeskommunen	2 010 569		1 529 267
Overført andre kommunar			150 000
Sals og skjenkeavgift	-	80 000	63 011
Avdrag sosil og næringslån	79 628	30 000	127 703
	64 285 988	45 130 700	54 227 020

Note 16 - Samla ekstern gjeldsforplikting

Lærdal Kommune står med ein eigarandel på 6,54 % i Simas IKS. Det vil seie at Lærdal Kommune heftar for 6,54 % av Simas IKS sine samla forpliktingar. Jfr lov om interkommunale selskap §3.

Note 17 Investeringsprosjekt

Følgjande påbegynte investeringar skal vidareførast i 2021:

		Sum 2021	Budsjett 2022
20008	Varmepumpe fjernvarme	9 474	500 000
20012	Næringsområde Håbakken	8 243 653	2 000 000
20013	Oppgradering Lærdal rådhus	109 073	450 000
20016	Bustadtomter Lærdalsøyri	853 661	500 000
20019	Borgund samfunnshus renovering	455 167	460 000
20017	Opprusting kultursal	316 819	410 000
20019	Borgund samfunnshus renovering	198 555	500 000
20027	Nytt Dagsenter	236 459	4 900 000
20036	LED- Gatelys	102 624	200 000
20041	Hovudplan vassforsyning	13 048 235	16 000 000
21024	Velferdsteknologi	21 409	300 000
21027	Håbakken 2	681 265	2 000 000
	SUM	24 276 394	28 220 000

Note 18 - Sal av konsesjonskraft

	Rekneskap 2021	Budsjett 2021
Sal av kraft (netto)	23 490 367	13 839 000

Frå og med 2014 er alt kjøp og sal av konsesjonskraft sett ut til det kommunale selskapet Okken Kraft Holding AS.

Note 19 - Tap på krav

Lærdal kommune har avsett kr 430.000 til inndekning av eventuelle tap på krav.

Lærdal kommune brukar Lindorff AS til inkasso og oppfølging av saker.

Note 20 - Ressurskrevande brukarar

Lærdal kommune har mange ressurskrevande brukarar. Vi får tilskot frå staten til desse brukarane, men ein stor del vert belasta kommunen sitt driftsbudsjett.

Utviklinga frå 2012 til 2020:			
År	Samla kostnad	Tilskot	Netto kostnad for kommunen
2012	23 128 000	10 702 000	12 426 000
2013	21 935 000	11 084 000	10 851 000
2014	22 690 000	12 311 000	10 379 000
2015	17 894 000	8 262 000	9 632 000
2016	23 987 000	11 306 000	12 681 000
2017	21 846 000	10 561 000	11 285 000
2018	16 130 000	5 234 000	10 896 000
2019	10 700 000	3 116 000	7 584 000
2020	12 590 800	3 326 000	9 264 800
2021	22 649 000	9 273 000	13 376 000

Dette er kostnader kun knytt til personalressursar til brukaren. Kostnader til utstyr, hus og administrasjon vil kome utanom og er ikkje tilskotsberettiga.

Note 21 - Eigedomsskatt

Det er i 2020 ei ny sak om eigedomsskatt og det er avsett kr 1.500.00 i balansen til den er avgjort i retten.


Kommunen fekk medhald i saka, og kr 1.500.000 er inntektsført i 2021.

Investeringar

		Regnskap	Buds(end)	Budsjett
		2021	2021	2021
20008	Varmepumpe/fjernvarme	9 474	100 000	500 000
20012	Næringsområde Håbakken 1	8 243 653	9 000 000	6 500 000
20013	Arealeffektivisering Lærdal rådhus	109 073	100 000	400 000
20016	Bustadtomter Lærdalsøyri	853 661	1 000 000	2 500 000
20017	Opprusting kultursal	697 942	720 000	410 000
20019	Borgund samfunnshus renovering	455 167	360 000	500 000
20020	Bussparkeringog andre infrastrukturtiltak for gjennomreisande	-	-	1 150 000
20022	Skred-/flaumsikring bustadhus kommunen sin del	-	-	2 300 000
20026	Nytt Bibliotekt	-	-	2 000 000
20027	Nytt dagsenter (hybelbygget)	236 459	300 000	1 500 000
20035	SD- Anlegg	-	150 000	150 000
20036	LED- Gatelys	102 957	200 000	200 000
20039	Hovudplan avløpi	1 183 775	2 000 000	10 000 000
20041	Hovudplan vassforsyning	13 048 235	15 000 000	21 000 000
20054	Gnr 24 Bnr 35	71 361	72 000	-
21006	Lokal IKT - platform	446 576	550 000	550 000
21007	Oppvekst IKT	13 605	100 000	100 000
21008	Elev PC/nettbrett	314 833	400 000	400 000
21009	Ny visma modular	111 250	150 000	150 000
21010	Nettverks Utstyr	-	150 000	150 000
21011	Acos oppdatering modular	128 538	150 000	150 000
21012	Overgang frå lokal exchange Office 365	198 257	200 000	200 000
21013	Digitale smarttavler oppvekst	557 208	600 000	600 000
21014	Digisos	218 146	260 000	260 000
21015	Flaumsikring Lærdalsøyri - Lærdal sin del	-	-	1 000 000
21016	Ombygging/forstudie Lærdalsøyri skule	-	-	500 000
21017	Trafikktryggleik - Diverse tiltak	-	-	1 500 000
21018	Saltkjelen Bustadfelt - grunnerverv og opparbeiding	-	-	1 000 000
21019	Prosjekt Lærdal sjøfront	-	-	1 600 000
21020	Gamle Lærdalsøyri - nytt gatedekke	-	-	500 000
21021	Universell utforming lege og fysioterapi	163 861	200 000	200 000
21022	Lys parkeringplass Borgund	8 648	100 000	200 000
21023	Kjøp av leasingbil	58 365	100 000	100 000
21024	Velferdsteknologi	21 409	400 000	400 000
21025	Personvarslingsanlegg	325 542	400 000	400 000
21026	Utstyr teknisk	440 000	300 000	300 000
21027	Håbakken 2	681 265	1 000 000	2 000 000
21035	Uteareal Lærdalsøyri Barnehage	935 774	1 000 000	-
Uten	Hus sekleppvegen	3 076 170	-	-
	TOTALT	32 711 202	35 062 000	61 370 000

Økonomisk resultat – overordna

Kommunerekneskapen for Lærdal kommune syner eit netto driftsresultat på kr 26,9 mill kroner. Det utgjør 8,9 % av driftsinntektene. Nettoresultatet blir ofte brukt som måltal for den økonomiske drifta i ein kommune. I Lærdal er det vedtekne målalet for netto driftsresultat 1,75 % eller betre.



Netto driftsresultat i prosent har hatt ei positiv utvikling dei siste to åra, og Lærdal kommune ligg godt over snittet for KOSTRA-gruppa og landssnittet.

Brutto driftsresultat, skilnaden mellom dei samla driftsinntektene og driftsutgiftene, er 25,6 mill.


Disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekter;

Vedteke mål er 5 %, mål , men med ei tilråding på minimum 10%.

Resultat per 31.12.21 er rekna til 14,1%, vel 45,1 million kroner.

Ettersom me er ein kraftkommune med svingande inntekter og ein sårbar økonomi knytt til at me er ein liten kommune, så treng kommunen ein god reserve.

Status for beholdninga per 31.12.2021 må seias å vere svært tilfredstillande.




	2018	2019	2020	2021
Lærdal	1,7 %	1,7 %	7,5 %	14,4 %
Kostragruppe 05	9,4 %	9,5 %	10,6 %	13,0 %
Landet uten Oslo	11,1 %	11,0 %	11,9 %	13,7 %

Netto lånegjeld av sum driftsinntekter

Resultat er rekna til 95,7 %.


Kommunen har framleis eit for høgt gjelds nivå samanlikna med snitt i same KOSTRA-gruppe og landssnittet. Samstundes har me hatt ei svært positiv utvikling der me har gått frå 106,9 % i 2018 til 95,7 % i 2021.

Ettersom samla driftsinntekter har auka vesentleg, er dette ei viktig forklaring til nedgangen, i tillegg til at me i 2021 ikkje har teke opp nye lån.



	2018	2019	2020	2021
Lærdal	106,9 %	103,4 %	104,5 %	95,7 %
Kostragruppe 05	77,0 %	80,0 %	79,6 %	78,1 %
Landet uten Oslo	87,5 %	91,2 %	95,2 %	93,3 %

Utvikling i gjeldsgraden (langiktig gjeld ex pensjonsforpliktingar i prosent av brutto inntekter)



	2018	2019	2020	2021
Lærdal	120,2 %	112,5 %	118,6 %	101,5 %
Kostragruppe 05	87,1 %	94,1 %	97,0 %	94,4 %
Landet uten Oslo	105,6 %	111,0 %	116,3 %	114,9 %

Det har vore ei positiv utvikling i gjeldsgraden med ein nedgang på heile 17 prosent frå fjoråret. Dette skuldast nedbetaling av gjeld med 13 mill. Me tok ikkje opp nye lån i 2021, og ettersom driftsinntektene har auka vesentleg, gir dette eit positivt utslag på dette nøkkeltalet.

Driftsrammene

Opphavelig budsjett for 2021 vart regulert i juni-21 i samband med 1. tertialrapport som var prega av usikre prognosar. Grunna usikkerheit knytt til lønsoppgjering, nytt pensjonsopplegg, svingande kraftinntekter, regjeringsskifte og usikkerheit knytt til koronapandemien, har det vore vanskeleg å utarbeide treffsikre prognosar.

Koronapandemien har også i 2021 periodevis ført til mindre aktivitet samanlikna med eit normalår, og det kan ha gitt utslag i legre forbruk. Det er kommunedirektøren si vurdering at budsjettoppfølginga i einingane har vore god og nøktern, noko som har hjulpet godt på resultatet.

Kommunen er gjennom året tilført både auka rammetilskot (utanom driftsrammene) og øyremerkte tilskot (innanfor driftsrammene). Det er såleis ei samansett forklaring på avvik i høve driftsrammene.

Samanlikna med revidert budsjett så er driftsrammene samla gjort opp med mindreforbruk på netto 4 mill kroner. Pensjonsoppgjering, med vesentleg lågare kostnader enn budsjettet, er ein gjennomgåande faktor som gir betre resultat enn budsjettet.

Ny offentlig tenestepensjon vart innført frå 2020; det vart usikker budsjettering av denne, og konsekvensar for etablert premieavvik og korona har resultert i vesentleg redusert pensjonskostnad. Utvida refusjonsordning for sjukeløn, som koronatiltak, påverkar også netto mindreforbruk.

I sum er det i rekneskapet god måloppnåing på tenesteområda med unnateke teknisk drift. Me har likevel eit forbettringspotensiale i rapportering og oppfølging via tertialrapportane. Det er eit mål om at verktøyet Framsikt skal betre kontroll og rapportering, i tillegg til økonomisjef i eige hus.

Det er i 2021 god kostnadskontroll innan oppvekst og omsorg, som dei store tenesteområda, men ein merkar utfordringar i høve å skaffa tilstrekkeleg rekruttering inkl vikarar. Dette gjeld særleg barnehagane og helse- omsorgstenesta.

Helse har dette året, grunna pandemien, møtt ekstra utfordringar knytt til gjennomføring av massevaksinering og periodar med smitte og testing. Mot slutten av 2021 lukkast me i å stabilisere legesituasjonen med tre fast tilsette kommunelegar, og me fekk rekruttert inn helsesjukepleiar i nyoppretta stilling knytt til styrking av skulehelsetenesta/helsestasjon og prosjektarbeidet «Tett på».

Sosialtenesta/flyktingtenesta syner mindrebehov/mindreforbruk. Mindre aktivitet i høve mottak, busetjing og integrering av flyktingar og god oppfølging av sosialhjelpsmottakarar gir større mindreforbruk også dette året. Det same gjeld barnevernstenesta som også kan vise til mindreforbruk. Dette er ein trend også i dei andre sognekommunane, og det er for tidleg å seie om det også kan vere ein konsekvens av pandemien, og at tenestene kan ha vore mindre synlege.

Sjølvkostrekneskapet er i stor grad i balanse, og det er brukt fond i samsvar med regelverket som gir ein positiv effekt på resultatet.

Kommunen har utover i året hatt bra aktivitet inn mot lokalt næringsliv. Me fekk på plass næringsrådgjevar i nyoppretta stilling i juni-2021. Dette året er spesielt med koronastøtte og formidling av statlege tilskotsmidlar. I samband med at det vert utarbeid kommunedelplan for næring i 2022 vil ein få til meir målretta bruk av næringsfondet og ressursane knytt opp til næringsutvikling.

Kultur har også prega av Koronaen; med redusert aktivitet særleg inn mot kulturskulen og ungdomsklubben fram til den var på plass i nye lokale. På den andre sidan har det med bruk av små midlar vorte gjennomført viktige prosjekt knytt til biblioteket i sentrum, og det pågår mykje spennande utviklingsarbeid som er i startgropa.

Mindreforbruket i rekneskapet skuldast også bruk av fond/tilskot me har motteke til ulike kulturprosjekt, noko som gir positiv effekt på nettoforbruket.

Investeringane

Samla investeringar i anleggsmidlar i 2021 er i underkant av 33 mill kroner.

Dei største investeringane knytt til nytt vassverk og Håbakken har hatt bra framdrift. Det gjeld også alle IKT-prosjekt og me har fått gjort litt mindre utbetringar knytt til bygg og gatelys. Grunnskulane har fått eit stort løft når det gjeld digitale verktøy, og me er i gang med Helse.

Samstundes er det brukt vesentleg mindre enn budsjettert mellom anna til vassverket då delar av prosjektet er skyvd til 2022. Dette gjeld mellom anna høgdebassenget.

I samband med 2. tertialrapport vedtok kommunestyret ein budsjettrevisjon der investeringsramma blei teken ned frå 61 mill til 35 mill, og sluttforbruket per 31.12 stemmer godt overeins med dei reviderte prognosane. Bakgrunnen for budsjettrevisjonen var at ein såg at fleire av prosjekta måtte skyvast ut i tid på grunn av kapasitetsutfordringar og/eller endra prioritering. Til dømes blei det brukt mykje tid på flytting av ungdomsklubben og planlegging av nytt dagsenter, men det er først i 2022 at kostnaden med ombygging av hybelbygget kjem.

Prosjekt som trafikktryggleik, Saltkjelen og flaumsikring er investeringar som har prioritet i 2022 for å sikre framdrift.

Mot slutten av året blei det investert i ny bustad til kr. 3 mill knytt til akutt behov i bu- og miljø; dette blei løyst gjennom eit hastevedtak i formannskapet.

Prosjektet knytt til ekstraløyvinga til Lærdalsøyri barnehage for uteområdet blei gjennomført som planlagt i 2021.

Oppsummering

2021 vart heller ikkje som planlagt, men både for drift og investering er det etter kommunedirektøren si vurdering at det er rimeleg god kontroll, og bra samsvar mellom budsjett og rekneskap på underliggjande drift.

Plan-, utvikling- og omstillingsarbeid har til ein viss grad hatt god utvikling, men har også etter kommunedirektøren si vurdering, vore noko hemma av koronaen og periodar med vakante stillingar slik at framdrift på ein del område ikkje har vorte som planlagt/ønskjeleg.

Overordna kommuneplanarbeid, reglementsarbeid og digitalisering er område der me har ambisjonar om å bli betre på. I 2022 vil me få på plass eit digitalt årshjul, budsjett- og økonomimodul og etter kvart; innføring av verksemdplanar i Framsikt .

Tidleg på året vart miljø og klima sett på dagsorden, og det har vore jobba med ulike prosjekt og arbeid med miljøfyrtårnsertifisering.

I eige kapittel i årsrapporten, *kommunen som verksemd*, er det omtale av kommunen sitt arbeid og status i høve høg etisk standard, kjønnslikestilling, diskriminering, arbeidsmiljø m.v. Det er kommunedirektøren si vurdering at det vert arbeidd rimeleg godt og målretta med desse områda, me har i aukande grad fokus på dette, og ønskjer å ta tak i ting/saker som kjem opp.

Ved overlevering av årsrapporten har me ein nedadgåande trend i smittetala etter å ha nådd toppen i mars med rekordmange smittetilfelle, og høgt sjukefråvær som følgje av dette.

Drifta vil framleis vere prega av pandemien ei stund framover. Me må ha eit ekstra auge for dei negative konsekvensane både når det gjeld næringsliv, arbeidsmiljøet i kommunen, barn og unge som i mindre grad har fått vore sosiale, og generelt kultur- og idrettstilbodet til innbyggjarane .

Det er ein realistisk prognose at me over sommarferien vil vere tilbake i ein meir normal situasjon, og at budsjett og planar for 2022 i stor grad kan gjennomførast som planlagt.

Folketal

Folketalet i Lærdal kommune gjekk ned med 12 personar i 2021 frå 2129 ved inngangen til året til 2117 ved utgangen av året.

Mot slutten av året i dei to siste kvartala gjekk folketalet litt opp og innflyttinga var større enn utflyttinga. Det vart fødd 16 barn som er 1 meir enn fjoråret, medan tal på døde vart totalt 26 mot 25 året før. Etersom det er færre fødde samanlikna med tal på døde, har kommunen eit fødselsunderskot som dreg ned folketalsutviklinga. Både inn- og utvandringa har vore relativt låg dei siste to åra samanlikna med tidlegare, det kan ha samband med pandemien og reiserestriksjonar knytt til utanlands arbeidskraft og færre busette flyktningar i 2020 og 2021.


Folketal (pr. 31.12)

	2020K1	2020K2	2020K3	2020K4	2021K1	2021K2	2021K3	2021K4
Befolkning ved inngangen av kvartalet								
K-4642 Lærdal	2 126	2 132	2 133	2 139	2 129	2 127	2 110	2 115
Fødde								
K-4642 Lærdal	2	4	2	7	8	2	2	4
Døde								
K-4642 Lærdal	3	7	8	7	6	4	8	8
Fødselsoverskot								
K-4642 Lærdal	-1	-3	-6	0	2	-2	-6	-4
Innvandring								
K-4642 Lærdal	4	2	8	1	4	1	10	5
Utvandring								
K-4642 Lærdal	2	0	1	1	3	4	1	1
Innflytting, innlandsk								
K-4642 Lærdal	24	20	17	16	8	7	19	22
Utflytting, innlandsk								
K-4642 Lærdal	19	18	12	26	13	19	17	20
Nettoinnflytting, inkl. inn- og utvandring								
K-4642 Lærdal	7	4	12	-10	-4	-15	11	6
Folkevekst								
K-4642 Lærdal	6	1	6	-10	-2	-17	5	2
Befolkning ved utgangen av kvartalet								
K-4642 Lærdal	2 132	2 133	2 139	2 129	2 127	2 110	2 115	2 117

Kommunen som verksemd

Lærdal kommune er i tal tilsette den største verksemda i Lærdal. Kommunen yter lovbestemte tenester frå vogge til grav, me har eit utstrakt ansvar for forvaltning, som myndigheit, som samfunns- og næringsutviklar og som arbeidsgjevar. Lærdal kommune har vertkommune ansvar for landbrukstenesta i ÅLA og for helsetenester gjennom Sogn Lokalmedisinske senter.

Organisasjonskart for administrasjonen



Kommunen er organisert som ein to-nivåkommune med flat struktur, der einingsleiarane rapporterer direkte til kommunedirektør (tidl. rådmann). Stab- og støttefunksjonane og plan- og forvaltningsressursane er organisert i stab. Frå 2021 blei næringsarbeidet lagt om og det blei tilsett eigen næringsrådsgjevar i 100 % stilling.

Einingsleiarane har fullt ansvar for fag, personal og budsjettansvar for si tenesta.

Heiltid/deltid - heiltidskultur

Hovudtariffavtalen pålegg kommunane å arbeide aktivt for å auke tal heiltidstilsette og fremje heiltidskultur.

Ufrivillig deltid er eit problem for både den enkelte arbeidstakar og arbeidsgjevar. Frivillig deltid er eit vel så stort problem for arbeidsgjevar – og har fått og får auka fokus. Frivillig deltid har og konsekvensar for den enkelte med tanke på kompetanse og pensjon. Samstundes som det er tilsette som ynskjer auke i stilling, har me også tilfelle der

tilsette ynskjer å seie opp deler av stillinga si. Dette er ikkje ønskjeleg med tanke på arbeid for heiltidskultur. Dette kan føre til fleire deltidstilsette.

Tilstand kjønn/likestilling

Gjeldande hovudtariffavtale regulerer i stor grad lønsfastsetjinga i kommunen. Mange store yrkesgrupper i kommunen har løn i høve til sentralt fastsett minsteløn/stegar, ev. med endringar gjort i lokale lønsforhandlingar. Andre får si løn fastsett i lokale forhandlingar med grunnlag i føringar i hovudtariffavtalen (HTA) og eventuelle lokale føringar avtalt mellom partane.

Ved tilsetjing i nokre stillingar vert det gjeve "løn etter avtale". Det vert her teke omsyn til generelt lønsnivå, kompetanse, rekrutteringsbehov, krav frå søkjar mv. I særskilde tilfelle vert og løn nytta for å rekruttere, behalde og stabilisere kritisk kompetanse.

I 2021 vart det gjennomført lokale lønsforhandlingar i kap 3,4 og 5. Kommunedirektøren vurderer at oppgjeret ikkje endra lønstilhøva mellom kvinner og menn.

Ca gjennomsnittsløn for kvinner: kr 496 589,-

Ca gjennomsnittsløn for menn : kr 593 347,-

Leiarstillingar – kjønnsfordeling

- I overordna leing er det kommundirektør og organisasjons- og personaleleiar som begge er kvinner.
- I den utvida leiargruppa til kommundirektøren er det tre menn og ti kvinner.
- Prosjektleiaransvar for større bygg- og anleggprosjekt er fordelt på tre menn
- Nyrekruttert seniorrådgjevar for helse- og omsorg, er mann. Det same gjeld nyrekruttert ass. einingsleiar ved Sogn LMS som også er mann.

Kompetanseutvikling

Det vert gjennomført tiltak for kompetanseutvikling på to nivå: overordna og i einingane. I sum blir det gjennomført mange tiltak, alt frå deltaking på korte kurs/seminar, webseminar og større etter/vidareutdanning. Det vert og i aukande grad vektlagt læring på arbeidsplassen, kollegarettleing/støtte gjennom deltaking i prosjektarbeid, omstillingsarbeid og interne kurs.

Ulike fellestiltak som kan nemnast:

- Grunnkurs for nye verneombod/leiarar/AMU-medlemmar
- HMS-kurs for leiarar
- Opplæring til einingsleiarar, faglege leiarar og instruktørar som har lærlingar
- IKT opplæring
- Nynorsk språkopplæring for sakshandsamarar

Tal tilsette

Årsverk: 231 pr 31.12.2021

Tal tilsette : 287 stk pr 31.12.2021

Dei tilsette er fordelt slik:

Ansvar/År 2021	Årsvek	Antall
100 Folkevalde/HVT	1,8	3
110 Rådmannen/stab og støtte	14,50	17
114 Plan og forvaltning	3,00	3
116 Landbruk	4,10	5
120 Borgund oppvekstsenter	10,50	12
123 Lærdalsøyri barnehage	21,40	25
129 Oppvekst	35,60	39
130 Bu- og miljøetaten	25,69	31
131 Helse	10,75	14
132 NAV kommune/flyktingetjenesta	5,90	7
133 Pleie og omsorg	57,46	77
134 Barnevern		
136 Sogn LMS	12,06	14
151 Kultur og formidling	5,83	6
162-163 Tekniske tenester/eigedomsforvaltning	22,2	24
Brannmannskap	0,21	10
Sum	231	287

Av desse er 229 kvinner og 58 menn.

Menn årsverk 44 (grunna at det er ca 1 % årsverk på brannmenn vert det forholdsvis lite årsverk på menn i forhold til antall)

146 av dei tilsette har heiltidsstilling (51 %) medan 141 (49 %) har redusert stilling/deltid.

Organisasjonsutvikling og omstilling

Det er gjennomført eit omstillingsprosjekt i 2021. I samband med dette arbeidet blei det gjort ein grundig jobb med kartlegging av status for kommunen sin tenesteytar og arbeidsgjevar med fokus på korleis ein kan bli meir effektiv, og ta ned driftsnivået der det er for høgt. Følgjande delprosjekt blei peika ut som satstingsområde som ein skal jobbe meir med: KOSTRA/Kommunebarometeret, implementering av metodikk for prosjektleiing/styring (PLP-metoden) og fornying av kommunen sin arbeidsgjevarpolitikk.

I 2021 klarte me å jobbe godt med KOSTRA og med gjennomføring av kompetanseheving på PLP-metoden, men me har ikkje klart å ha den framdrifta som det var planlagt for på grunn

av handtering av pandemien. Det er spesielt einingsleiarane som periodevis gjennom året har vore i ein svært pressa arbeidssituasjon som har pågått over lengre tid.

- Det er ikkje gjennomført medarbeidarundersøking i 2021. Einingane i Oppvekst har gjennomført ei undersøking i samband forvaltningsrevisjon for arbeidsmiljøet i Oppvekst.
- Nytt organisasjonskart som blei innført i 2019 er i hovudsak vidareført med litt mindre justeringar. Organisasjonsutvikling er ein kontinuerleg prosess der det vil vere behov for løpande vurdering på kva som er den mest tenlege måten å vere organisert på.
- Det har i 2021 også pågått vidareutvikling og vedlikehald av ny teknologi, innføring i nye IKT-løysingar og digitalisering.

HMT-arbeid

Det er ikkje lenger nasjonal IA-avtale, men vilkåra som var i den nasjonale IA- avtala er i stor grad vidareført. Det vert gjennomført HMT-tiltak på to nivå: overordna og i einingane. Tiltaka i einingane vert ikkje lista opp her, men av overordna tiltak i 2021 kan følgjande nemnast:

- Tilbod til alle tilsette om trening på styrke/treningsrommet (utlån av kort/nøklar ved tenestetorget)
- Fredagsposten - internt informasjonsblad frå kommuendirektøren til alle tilsette 2-4 gonger i månaden med unntak av skuleferiar.
- Oppfølging etter Miljøretta Helsevern Sogn sitt tilsyn av støy/klang i barnehagar
- Bedriftshelsekontroll gjennomført av Avonova til tilsette som skal ha dette, jfr. Arbeidsmiljølova (teknisk, brann, kjøkenpersonale, reinhaldarar og tilsette som jobbar nattarbeid.
- Bistand frå Arbeidslivstenesta til nokre av einingane
- Vårspretten – kampanje med trim/trening og premiering for tilsette
- Felles julebord for alle tilsette

I 2021 vart nokre av dei overordna tiltak og einingsvise tiltak prega av koronapandemien.

Rekruttering

Så langt har Lærdal kommune fått kvalifiserte søkjarar til dei fleste utlyste stillingar, men me merkar aukande problem med å få søkjarar til sjukepleiarstillingar i omsorgstenesta. Vikarstiasjonen er krevjande særleg for barnehagane, og ved nokre av avdelingane i helse- og omsorg, og me ser det som viktig og nødvendig å vurdere tiltak som til dømes å auke grunnbemanninga. Dete gjeld spesielt barnehagane, som har erfart at dei periodevis går underbemanna på grunn av mangel på kvalifiserte vikarar.

Koronapandemien har gjort dette enno meir krevjande.

Arbeidsstokken har ein høg gjennomsnittsalder ved fleire arbeidsplassar, noko som betyr auka behov for ny rekruttering. Dette gjeld til dømes ei stor tilsette gruppe innan omsorg – helsefagarbeidarar/hjelpepleiarar.

Lærlingar:

- Lærdal kommune samarbeider med Sogn opplæringskontor om oppfølging av lærlingar/lærekandidatar. Totalt 9 lærlingar var under utdanning i 2021 i fyrste eller andre læreår. Alle som gjekk opp til læreprøve i 2021 bestod.
- Det blir kontinuerleg jobba med å gje god kvalitet på opplæringa som lærlingane får hjå oss ved å gi desse god oppfølging og opplæring.

Sommarjobbar for 16- og 17 åringar:

Kommunen har eit tilbod om sommarjobbar for ungdomar i alderen 16-17-år. Ungdomane er fordelt i barnehagar, omsorgstenesta, på kjøkenet og ved teknisk drift.

Arbeidsutprøving og språkpraksis for busette flyktningar er ein del av det to-årige introduksjonsprogrammet. Vedtak om busetjing fører til at ulike kommunale einingar og må stille opp med arbeidspraksis og språkpraksisplassar.

Sjukefråvær

Kommunen arbeider aktivt med førebygging og oppfølging av sjukmelde. Målet er at sjukefråværet i kommuneorganisasjonen ikkje skal vere over 5 %. Samla sjukefråver for 2021 på 7,1% som er ein markant nedgang frå tidlegare år.

I 2020 var sjukefråværet til samanlikning 8,26% og i 2019 på 9,02 %. Sjølv om me framleis ligg høgare enn målalet er det ein imponerende innsats frå tilsette, særleg med tanke på at sjukefråværet dei to siste månadane bar preg av eit lokalt smitteutbrot i november.

Alt i alt ei svært positiv utvikling for Lærdal kommune, som dei siste fem forutgåande åra har lege på eit sjukefråver på rundt 8-9 %

Medarbeidar og arbeidsmiljø

I det systematiske arbeidet for å sikre eit godt arbeidsmiljø ligg kontinuerleg måling og oppfølging av sjukefråvær, tilrettelegging, helseundersøkingar, vernerundar, medarbeidarsamtalar, opplæring i helse, miljø og tryggleiksarbeid mv. .

Oppfølginga blir gjort på einingsnivå gjennom mellom anna medarbeidarsamtalar, personalmøter m.v. og er planlagt å vere ein kontinuerleg prosess. Frekvens på ordinære medarbeidarsamtalar er som hovudregel kvart år, men ein del avdelingar har valgt gruppesamtale som alternativ til individuell samtale. Det skal vere tilbod om samtale til alle tilsette kvart år.

Det vert gjennomført vernerundar i kombinasjon med vedlikehaldssynfaring på alle arbeidsplassar kvart år. I 2021 blei denne runden utsett til januar/februar 2022 (er no gjennomført).

Medråderettsmøte med tillitvalde og verneombod vert gjennomført på einingsnivå. Kommunedirektør har saman med organisasjons- og personalleiar faste møte med hovudtillitsvalde og hovudverneombodet, som hovudregel kvar månad med unntak av ferieperiodar. Frekvens på medråderettmøter ute i einingane varierer frå 2 gonger i året til månadlege møter, alt etter storleik på avdelinga.

Kommunedirektøren etterspør gjennomføring og oppfølging i leiarmøte. Jamlege møte i Arbeidsmiljøutvalet held fokus på arbeidsmiljøspørsmål. I 2021 blei det gjennomført fire slike møter.

Etikk og diskriminering

Lærdal kommune har etiske retningslinjer som er vedtekne av Administrasjonsutvalet.

Kommunen har og retningslinjer for varsling av kritikkverdige forhold på arbeidsplassen.

Det er utarbeidd ulike andre retningslinjer, til dømes for velferdstiltak og påskjøning til tilsette, databriller osv – for å sikre rettvis handsaming som fyller vilkåra i ulike lover og forskrifter. I vedtekne lønspolitiske retningslinjer står det at Lærdal kommune skal fremje og ivareta likestilling/likebehandling mellom kjønna. Målsetjinga er å bidra til kjønnsnøytral løn og likeverdig lønsutvikling mellom tilsette med samanliknbar kompetanse og funksjon.

Kommunen har fleire tilsette med anna etnisk bakgrunn enn norsk. Me registrerar ikkje opplysningar om dei tilsette sin nasjonalitet. Kommunen har fokus på habilitet i administrativt og politisk arbeid.

Tilsette som er ugilde tek ikkje del i tilrettelegging eller avgjerder. I den politiske handsaminga vert habilitet teke opp til drøfting i aktuelle situasjonar og saker.

Internkontroll

Internkontroll er systematiske tiltak som skal sikre at aktivitetar blir planlagd, organisert, utført, sikra og vedlikehalde i samsvar med krav i eller i medhold av helse, miljø og sikkerheitslovgjevinga – ma. arbeidsmiljølova. Internkontroll er ein del av oppfølginga innan helse, miljø og tryggleik. Leiing har eit særleg ansvar – men alle tilsette har ansvar for å medverke.

I 2019 blei avtalen med bedriftshelseteneste med Stamina fornya. Lærdal kommune er knytt til Bedriftshelsetenesta Stamina, som i 2020 endra namn til Avonova. I samarbeid med dei gjennomfører me helsekontrollar, arbeidsplassvurderingar, opplærings- og oppfølgingstiltak osv. Vår kontaktperson i Avona deltek i tillegg på møter i arbeidsmiljøutvalet, og organisasjons- og personalleiar er kontaktpunkt mot bedriftshelsetenesta.

Lærdal kommune har ulike tiltak for å sikre helse, miljø og tryggleik for sine tilsette. Tiltaka er på einingsnivå – men me har og fellestiltak som

opplæringstiltak/kurs, bedriftshelseteneste, bedriftstrening, tilrettelagt trening og oppfølging etter individuell vurdering, tilbud om tema webinar frå Arbeidslivssenteret.

I 2021 har opplæringsaktiviteten vore nokre legre i periodar på grunn av koronapandemien.

Lærdal kommune har system for avviksregistrering, melding av skade på tilsette, brukarar og barn (Compilo).

Lærdal kommune har system for registrering av kjemikaliar og stoff som blir brukt.

KOMMUNEN SINE TENESTEEININGAR

Politisk verksemd

Den politiske verkemda består av kommunen sitt øvste organ som er kommunestyret, formannskapet og frå 2021; Utval for levekår og Utval for samfunn og miljø.

Administrasjonutvalet er eit partsamansatt utval bestående av formannskapet, og er utvida med tre representantar for dei tilsette. Kommunen har i tillegg ungdomsråd, og råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne. I 2021 vart det innført to nye utval; Utval for levekår, og Utval for samfunn og miljø.

I 2021 vedtok kommunestyret nytt delegasjonsreglement tilpassa utvalsmodellen og ny kommunelov, og nytt reglement for godtgjersle til folkevalde.

Innføring av politiske utval har vore sentralt i målet om å få kommunen til å fungera som eitt lag, skapa eit breiare engasjement hjå dei folkevalde og auka rekrutteringa til kommunepolitikken. I 2022 og utover i planperioden vil arbeidet med å få desse utvala til å fungere optimalt, halde fram.

På grunn av koronapandemien har alle kommunestyremøta vorte lagt til kultursalen, og møta i formannskapet og utvala har vore i kommunestyresalen. Alle politiske møter har vorte gjennomført fysisk i 2021, med større avstand til kvarandre, og i tråd med til ei kvar tid gjeldande smittevernreglane. Kommunestyremøta har vorte streama og direkte sendt, og opptak frå alle møta ligg tilgjengeleg på heimesida til kommunen.

Utval	Møte	Saker	Møte	Saker	Møte	Saker	Møte	Saker
	2021		2020		2019		2018	
Kommunestyret	6	81	8	114	9	135	8	93
Formannskapet	11	133	14	243	11	185	15	194
Administrasjonsutvalet	7	25	6	23	6	17	12	44
Utval for levekår	6	35	1	3	0	0	0	0
Utval for miljø og samfunnsutvikling	6	46	1	3				

Ordførar har vigselfrett, og i 2021 er det vigsla i alt 5 par.

Ungdomsrådet

Etter kommunevalet i 2019 er det forskriftfesta retten til kommunale ungdomsråd. Rådet er eit offisielt medverknadsorgan, og dei har rett til å uttale seg i alle saker som gjeld ungdom. Vidre har rådet rett til å fremje eigne saker, og dei skal sjølve bestemme leiar og nestleiar.

Ungdomsrådet har gjennomført 5 møter i 2021. Viktige saker som har vore handsama:

- Ny ungdomsklubb og flytting av Kosen.
- Skibuss
- Kulturtilbod
- Oppfølgign av Ungdata-undersøkinga

- «Tett på» prosjektet

Råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne

Råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne er heimla i egne særlover. Rådet skal ha høve til å uttala seg i saker som kan ha påverknad for desse to gruppene. Rådet kan vidare fremje eigne saker, og dei har krav på sekretariatshjelp.

Rådet har gjennomført 5 møter i 2021. Viktige saker som har vore handsama:

- Tilkomst for funksjonshemma i samband med utbygging av kafe i sentrum.
- Nytt dagsenter for bu- og miljø
- Leva-heile livet reforma derr leiar av rådet har vore med i arbeidsgruppa.
- Sterk og stødig
- Arrangør av eldredagen

Administrasjon

Administrasjonen i kommunen er samansatt av stab- og støtte leia av organisasjon- og personalleiar, og kommunedirektøren som har eigen stab med tre rådgjevarstillingar med ansvar for helse- og omsorg, kultur og oppvekst og kultur og informasjon.

Frå 1. juni blei nyoppretta næringsrådgjevarstilling lagt til kommunedirektøren. I tillegg er frivilligsentralen underlagt kommunedirektøren, som også er kontaktpunkt opp mot interkommunale tenester.

Stab og støtte yter administrative støttefunksjonar til einingane i form av arkiv/post, IKT-tenester, HR/Personal og felles kompetanseutvikling, og har ni tilsette fordelt på 8,3 årsverk. I tillegg er tenestetorg og sekretariatsfunksjon for folkevalde lagt til stab- og støtte, samt økonomirådgjevarstillinga.

Viktige hendingar i 2021:

- Nytt digitaliseringssamarbeid med Årdal og Sogndal som inkluderer felles personverneombod.
- Nyoppretta engasjementstilling for IKT/digitalisering
- Omstillingsprosjektet
- Mindre organisasjonsendringar
- Arbeid med reglementsendringar

Barnehage

Skildring av tenesteområdet

I Lærdal kommune har me to barnehagar. Borgund barnehage og Lærdalsøyri barnehage. Lærdalsøyri barnehage som er ei sjølvstendig tenesteining der ansvar og mynde er internt

delegert til einingsleiar. Borgund barnehage er del av eit oppvekstsenter der det er sams leiar for skuleavdelinga og barnehageavdelinga 50%, i tillegg til styrarfunksjon 25%. I den sentrale administrasjonen er det tilsett rådgjevar oppvekst i 50 % stilling.

Barnehagetenestene vert fordelt på følgjande funksjonar:

- 201 Barnehage
- 211 Styrka tilbod til førskuleborn
- 221 Barnehagelokale og skyss

Barnehageplassar

Alle barn som har rett på barnehageplass får plass ved hovudopptak 1.februar. Kommunen har også løpande opptak. Dei seinare åra har det vore gode søkjartal i begge barnehagar. På noverande tidspunkt er det venteliste på inntak i Borgund barnehage, og ein ser behov for ei utviding, då dette vert prognosane ei tid framover. Det er òg auka barnetal på dei små avdelingane på Lærdalsøyri, og det vil vere behov for å nytte alle 7 avdelingane kommande år slik det ser ut no.

Tverrfagleg samarbeid

Heilskapleg tverrfagleg oppvekstplan vil ta føre seg ulike samfunnsarenaer som er viktige for barn og unge. Lærdal kommune har i 2021 utarbeida ein prosjektplan for «tett på». Då kommunen er oppteken av tidleg innsats og betre tverretatleg samarbeid inn mot barn og unge i Lærdal, er det ynskjeleg å ta element frå denne planen og jobbe med tiltaka som er skissert her.

Overordna mål

Barnehagelova og gjeldande nasjonal rammeplan er styrande for barnehagedrifta i Lærdal

Barnehagelova § 1 Formål

Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggjende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærlyhet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene.

Lærdal kommune sine overordna mål for barnehagesektoren er:

- ha full barnehagedekning med høg kvalitet på tilbodet. Ha tilstrekkeleg med plassar slik at ein kan ta inn nye barn i løpet av året, jf. gjeldande vedtekter

- Barnehagebarna skal ha tilpassa opplæring, oppleve meistring og motivasjon i sin kvardag.
- Dei tilsette i barnehagane i lærdal skal ha god kompetanse på å møte born der dei er fagleg og sosialt

Hovudopptak og løpande opptak

Alle søkjarar fekk plass på hovudopptak 1.februar 2021. I forbindelse med hovudopptak vart det sett på løysingar for å gje alle borna plass i den barnehagen dei sokna til. Det vart gjennomført ei midlertidig utviding av plassar i Borgund barnehage frå 18 plassar til 24 plassar. Det har gjennom året vore løpande opptak, der alle førespurnader har blitt møtt med tilbod om plass i kommunen, men sidan presset i Borgund heilt klart er stort, står det 3 på venteliste til inntak i denne barnehagen. Alle desse har fått tilbod om plass i kommunen v/Lærdalsøyri barnehage.

Rekruttering og vikarsituasjonen

Rekruttering til barnehagesektoren er vorte meir krevjande dei siste åra. Kommunen innfrir bemannings- og pedagognorm, men det er store utfordringar når det gjeld vikarsituasjonen i barnehage. Her har det vore drøfta om det bør tilsettast ein fast vikar/ambulerande vikar i full stilling. Vurderingar kring dette er at det framleis vert sårbart. Den beste løysinga slik me vurderer det, er å få i gang eit pilotprosjekt der ein ser på korleis ein auke i grunnbemanninga vil vere positivt for tidleg innsats og sjukefråvær.

Regional kompetanseutvikling – ReKom

Lærdalsøyri barnehage fekk tildelt ReKomp-midlar (Regional kompetanseutvikling) kr 165 000,- for barnehageåra 2020-2022. Dette er statlege midlar som skal nyttast til å arbeide med kompetanseutvikling innan eit utvald tema. Lærdalsøyri barnehage samarbeider med Borgund barnehage om kompetanseutviklinga, og har saman veld å fordjupe oss i vaksenrolla. Tema bygger vidare på satsinga IBOS – Inkluderande skule- og barnehagemiljø, som har vore ei satsing gjennom fleire år. Gjennom å sjå på vaksenrolla ønskjer me auka kompetanse på anerkjennande kommunikasjon, og korleis me på best mogleg måte kan sjå og møte kvart enkeltbarn sine behov på ein pedagogisk og omsorgsfull måte.

Tilsyn

I september 2020 opna Statsforvaltaren dokumenttilsyn med Lærdal kommune gjeldande – barnehagelova dåverande § 19 e jf. § 19 a – etter 1.januar 2021 «gjere vedtak om spesialpedagogisk hjelp». Tilsynet førte til at det vart laga oppdaterte malar for enkeltvedtak og at rutinebok for spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning vart revidert. Tilsynet vart godkjent i august 2021.

Økonomi

	Rekneskap 2021	Budsjett (end)	Rekneskap 2020
Lærdalsøyri barnehage	11 944 652	12 265 743	11 254 235

Sjukefråvær

År	Borgund barnehage	Lærdalsøyri barnehage
2019	12,21	8,43
2020	5,65	12,61
2021	3,10	7,95

Grunnskulen

Skildring av tenestemråde

Obligatorisk grunnskuleopplæring er basert på opplæringslova og gjeldande læreplanverk. Det er to grunnskular i Lærdal kommune. Lærdalsøyri skule som er ein kombinert barne -og ungdomsskule og Borgund skule som eit oppvekstsenter med barneskule 1.-7.trinn.

Lærdalsøyri skule og Borgund oppvekstsenter er begge sjølvstendige tenesteeiningar. Ansvar og mynde er delegert internt frå kommunedirektøren til leiarane av tenesteeiningane. Tenestene vert fordelte på følgjande kostrafunksjonar:

- 202 Grunnskule
- 215 Skulefritidsordning (SFO)
- 222 Skulelokale
- 223 Skuleskyss

Skulefritidsordning (SFO)

Kommunen har eit tilbod om skulefritidsordning før og etter skuletid for barn på 1.-4. trinn. Etter søknad kan også barn på 5.–7. trinn med behov for særskilt tilrettelegging få gratis SFO-plass. Frå august 2020 vart det innført ordning med redusert foreldrebetaling for låginntektsfamiliar.

Skulefritidsordninga skal gje barna omsorg og tilsyn. Vidare skal SFO leggje til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hjå

barna. I august 2021 kom det eigen rammeplan for SFO. Foreldre/føresette må søkje om plass på den skulen eleven går på. Lærdal kommune eig og driv skulefritidsordningane i grunnskulane. På Borgund er tilbodet lagt til barnehagen. Rektor har det overordna pedagogiske og administrative ansvaret for SFO.

Skuleskyss

Elevane i grunnskulen i Lærdal vert årleg registrerte for gratis skuleskyss på den strekinga dei etter opplæringslova og etter kommunale vedtak har krav på. Kommunale vedtak gjeld skuleskyss på individuelt grunnlag, vanlegvis på grunn av særleg farleg skuleveg. Det er fylkeskommunen som står for drift og oppsett av skuleskyssen i samarbeid med transportselskap og kommunen.

Pedagogisk-psykologisk rettleiingsteneste (PPT)

Lærdal kommune har felles PP-teneste med Årdal kommune. Årdal kommune er vertskommune for den interkommunale PP-tenesta. Kjerneoppgåva er å yta hjelp til barn, ungdom og vaksne med særlege behov gjennom utdanningsløpe i tillegg til systemretta arbeid. PPT yter hjelp og rådgjeving både til skulane og barnehagane.

Overordna mål

Opplæringslova og gjeldande nasjonalt læreplanverk - Læreplan Kunnskapsløftet 2020 (LK-20) - er styrande for arbeidet i grunnskulane.

Opplæringslova § 1-1. Formålet med opplæringa

Opplæringa i skole og lærebedrift skal, i samarbeid og forståing med heimen, opne dører mot verda og framtida og gi elevane og lærlingane historisk og kulturell innsikt og forankring.

Opplæringa skal byggje på grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfridom, nestekjærleik, tilgjeving, likeverd og solidaritet, verdiar som òg kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettane.

Opplæringa skal bidra til å utvide kjennskapen til og forståinga av den nasjonale kulturarven og vår felles internasjonale kulturtradisjon.

Opplæringa skal gi innsikt i kulturelt mangfald og vise respekt for den einskilde si overtyding. Ho skal fremje demokrati, likestilling og vitskapleg tenkjemåte.

Elevane og lærlingane skal utvikle kunnskap, dugleik og holdningar for å kunne meistre liva sine og for å kunne delta i arbeid og fellesskap i samfunnet. Dei skal få utfalde skaparglede, engasjement og utforskartrøng.

Elevane og lærlingane skal lære å tenkje kritisk og handle etisk og miljøbevisst. Dei skal ha medansvar og rett til medverknad.

Skulen og lærebedrifta skal møte elevane og lærlingane med tillit, respekt og krav og gi dei utfordringar som fremjar danning og lærelyst. Alle former for diskriminering skal motarbeidast.

Kommunale overordna mål

- flytta fokuset frå spesialundervising til tilpassa opplæring og auka kvaliteten på spesialundervisinga
- oppretthalda ein desentralisert skulestruktur
- tilby vidareutdanning og kompetanseheving for å betra fag- og kompetansegrunnlaget.

Aktivitet 2021

I 2021 har hovudsatsinga vore førebuing og innføring av revidert nasjonalt læreplanverk, Læreplan Kunnskapsløftet 2020 (LK-20), der innføringsprosessen gjerne vert omtala som Fagfornyinga.

Fagfornyinga

Læreplanverket er forskriftsfesta og er det nasjonale styringsinstrumentet når det gjeld innhaldet i skulen. Alle læreplanar for fag i grunnskulen og i vidaregåande opplæring er fornya. Dei nye læreplanane byrja å gjelda frå august 2020. Også overordna del av læreplanverket er ny. Overordna del erstattar generell del av læreplanverket og skildrar kva verdiar og prinsipp grunnopplæringa skal byggja på.

Vektlagt og nytt i LK-20:

- *Nye læreplanar i fag og ny struktur for planane*
- *Innføring av tre tverrfaglege tema; demokrati og medborgarskap, berekraftig utvikling, folkehelse og livsmeistring.*
- *Meir tid til fagleg fordjuping*
- *Vektlegging av djupnelæring og kritisk tenking*
- *Digitale ferdigheiter har fått ein tydelegare plass i læreplanane, til dømes digital dømmekraft, kjeldekritikk, programmering*
- *Fleire fag vert meir praktiske og utforskane*
- *Ein føresetnad at elevane er aktive i eigne læringsprosessar*
- *Læring gjennom leik vert vektlagt meir i læreplanane for dei yngste barna*

Førebuinga til Fagfornyinga, byrja for skulane allereie i 2019. Hovudverktøyet i førebuinga har vore den digitale kompetansepakken frå Utdanningsdirektoratet. Kompetansepakken består av fem hovudmodular og skal støtte skulane og skuleeigar i arbeidet med å bruka, tolka og forstå det nye læreplanverket. Dei fem modulane er: Overordna del - verdiløftet i

praksis, Læreplanar for fag, Djupnelæring, Tverrfaglege tema og Profesjonsfelleskap.

Begge skulane har brukt utviklingstid og personalmøte til å arbeida med desse modulane. Arbeidet med førebuinga har vore forseinka då koronapandemien har ført til ulike restriksjonar med jamne mellomrom som har ført til at det har vore utfordrande å få til felles samlingar og arbeid på tvers.

Læremiddel

Frå å vera hovudsakleg papirbasert og knytt til læreverk, er tilbodet i dag på læremiddelsida mykje meir variert med ulike kombinasjonar av halv- og heildigitale læremiddel. Dette gjer det også meir krevjande å ha oversikt over læremiddelmarknaden og å velja. Ved innføring av nytt læreplanverk er også berre ein brøkdel av læremidla ferdige. Hausten 2021 har det vore sett av tid til å vurdere ulike læremiddel i faggrupper. Difor har skulane valt å bruka meir tid på læremiddelvurdering og å avventa situasjonen. Dette er ein trend som me også ser i kommunane rundt oss nasjonalt.

Alle lærarar og elevar hadde frå oktober til desember tilgang til digitale læremiddel Skolestudio (Gyldendal) og Aschehoug Univers. Det vart òg bestilt inn vurderingseksemplar av analoge lærebøker. I faggruppene er det konkludert at det er behov for kombinasjon av digitale og analoge læremiddel. Det vert kjøpt inn nye læremiddel etter fagfornyinga etterkvart som faggruppene er ferdig med sine vurderingar. Det er oppretta eit prosjekt der alle innkjøp og tilskot skal førast gjennom 2022. Det skal og utarbeidast ein rulleringsplan.

Kompetanse for kvalitet

Den nasjonale strategien for vidareutdanning for lærarar og skuleleiarar - *Kompetanse for kvalitet* - tek sikte på å sikra fordjuping i fag som følgje av dei nye kompetansekrava som vert gjort gjeldande i 2025. Lærdal har dei siste åra hatt deltakarar på vidareutdanning blant lærarar. Skuleåret 2021/22 er det ein lærarar som tek formell vidareutdanning i faget KRLE.

Spesialundervisning

Skuleåret 2021/22 har 12,1 % av elevane i Lærdal enkeltvedtak om spesialundervisning, ein liten nedgang frå 12,6 % frå skuleåret før. Landssnittet er omlag 7,9 %. Til liks med resten av landet er det også slik i Lærdal at det er ein klar overvekt av gutar som får spesialundervisning.

Forvaltningsrevisjon arbeidsmiljø Oppvekst

Etter bestilling frå kontrollutvalet blei det gjennomført ein forvaltningsrevisjon med dette som tema. Rapporten peika på ein del forbetringpunkt knytt opp til mellom anna leiing, kartlegging og handtering av tids/arbeidspress og rutinar for oppfølging/kartlegging knytt til born sine rettar etter opplæringslova og barnehagelova.

Rapporten med tilrådingane vart vedteken i kommunestyret i siste møte i desember-2021, og arbeidet med oppfølging vert gjennomført i 2022.

Økonomi

	Rekneskap 2021	Budsjett (end)	Rekneskap 2020
Lærdalsøyri skule	24 102 446	24 099 950	23 558 670
Borgund Oppvekst (barnehage og skule)	7 811 057	7 884 858	6 6612 401

Sjukefråvær

År	Borgund skule	Lærdalsøyri skule
2019	11,44	8,78
2020	8,91	8,91
2021	5,69	10,11

Helse- og omsorg

Skildring av tenestoområde

Helse- og omsorg skal yte gode og forsvarlege teneste i samsvar med helse- og omsorgslovgevinga.

Helse- og omsorgstenesta i Lærdal kommune er organisert i fire einingar; Helsetenesta, Pleie- og omsorg, Bu- og miljø og Sogn Lokalmedisinke senter som alle rapportere direkte til kommunaldirektør (tidl. rådmann). Sistnemnde eining er ei interkommunal teneste der Lærdal kommune er vertskommune. Det føreligg eigen årsmelding for denne tenesta.

Frå 1. august i 2021 blei det rekruttert inn eigen rådgjevar for helse- og omsorg som er kommuendirektøren si høgre hand i saker og utviklingsprosjekt som gjeld dette fagområdet, og vedkomande har fått ei koordinatorrolle som erstatning for at kommune ikkje har ei kommunalsjefstilling.

Helse

Helse omfattar legetenesta, helsestasjon/jordmorteneste, fysio- og ergoterapi.

Legetenesta

Det er tre fastlegar og ein turnuskandidatstilling. Alle fastlegane har fast tilsettingsforhold til Lærdal kommune. I tillegg er det hjelpepersonale med 80 % helsesekretær og totalt 2,3 årsverk sjukepleiarar fordelt på tre tilsette.

Legetenesta har fastlegeansvar for om lag 2090 personar men har kapasitet til opptil 2550. Legevakt på dagtid til alle som oppheld seg i kommunen vert handtert etter turnus for legane, tilsynslegefunksjonen for Lærdal bu- og omsorgssenter utgjør 20 %, det same gjeld helsestasjonslegen som har ansvar for oppfølging av barn- og unge.

Kommunen har hatt to ALIS-kandidatar som fører fram til allmennlegespesialistkompetanse. Ein av desse blei godkjent hausten 2021. Lærdal har elles ansvar for tilsynslegefunksjon for KAD-sengene ved Sogn LMS, dette tilsvarar om lag 20 %.

I 2021 har arbeid med smitteoppsporing, vaksiner og periodar med massetesting prega helsetenesta. Einingsleiar for helse slutta i august-2021. Stillinga er ikkje erstatta, det er tilsett engasjement som fagsjukepleiar i 50 % og den andre 50 % stillinga har fram til no vore lagt til einingsleiar for Sogn LMS. Denne prosessen må sjåast i samanheng med omlegging av KAD-funksjonen og behovet for innsparing og reduksjon av dei administrative kostnadane.

I 2021 har me hatt samarbeid med Lærdal sjukehus om hospitering for utanlandsk fastlege kombinert med språkopplæring for å sikre kontinuitet i den tredje fastlegestillinga som dei siste åra har vore bemanna av vikarlegar som har komme og gått.

Vedkomande er no fast tilsett, og me har nådd målet om ei meir stabil legeteneste der alle tre legestillingane er dekkja med fast tilsette.

Utfordringa er rekruttering av turnuskandidatar som medfører periodar med bruk av vikarlegar.

Fysio/ergoterapi

Kommunen er godt bemanna med stabilt personale innafor fysioterapi, og det vert ytt gode tenester til innbyggjarane i kommunen. Det er to heile kommunale stillingar, i tillegg til 50 % privatpraktiserande. Tenesta har også turnuskandidat som ein ressurs. Det er 80 % stilling for ergoterapeut der 20 % av stillinga går til oppfølging av velferdsteknologiprojektet. I samband med nyrekruttering er denne ressursen auka opp til heil stilling (100 %) frå 2022.

Fysioterapeut og ergoterapeut utarbeidde plan for habilitering og rehabilitering i 2021 som kommunestyret har vedteke. Tenesta har også ansvar for frisklivscentralen, dei starta opp med treningstilbodet Sterk og Stødig retta mot seniorar, har leiaransvar for velferdsteknologiprojektet, dei deltek i koordinerande eining og har vore sentrale i arbeidet med Leva heile livet-reforma.

Helsestasjon/jordmortenesta

Det er leiande helsesjukepleiar i heil stilling og ei 50 % stilling som helsesjukepleiar for skulehelsetenesta. Frå august blei ressursane som helsesjukepleiar auka med ei heil stilling der 50 % skal nyttast til leiing av «Tett på» prosjektet.

Jordmortenesta er organisert ved at me kjøper ei 20 % stilling frå Lærdal sjukehus, og vedkomande har ein fast dag i veka ved helsestasjonen.

Alle dei tilsette ved helsestasjonen har vore sentrale både i planlegging og gjennomføring av massevaskineringa, og 2021 må seiast å ha vore eit svært spesielt og krevjande år.

Totalt er det satt i underkant av 5000 vaksinedosar. Dekningsgraden for vaksinedose 1 og 2 er på heile 95 % for dei over 16 år. Dekningsgraden for dose 3 er noko legre med 67 %. I tillegg er det satt vaksinedose 4 for grupper av bedolkninga med underliggende sjukdomar

Overforbruket på vel 360.000 skuldast pandemien, og behovet for å ta ein ekstra vikarlege over ein periode på 4 månader. Dette er det gitt kompensasjon for men den er utbetalt som rammetilskot.

Økonomi

	Rekneskap 2021	Budsjett (end)	Rekneskap 2020
Helse	9 715 722	9 350 792	10 265 188

Sjukefråvær

År	Sjukefråvær
2019	9,29 %
2020	12,39 %
2021	5,30 %

Bu- og miljø

Tenesta har ansvar for tenester for utviklingshemma og menneske med nedsett funksjonsevne, tenester for psykisk helse og rus, og aktivitetstilbod.

Tenesta disponerar totalt åtte bustadar og ei fellesleiligheit. I bustaden er det heildøgnsdrift.

I heildøgnsdrifta er det årsturnus med langvakter på 13 og 14 timar. Denne ordninga har fungert svært godt gjennom fleire år både for tilsette og brukarar. Brukarane har færre å foholda seg til i løpet av ein dag, og det gir difor stabilitet og ro for brukarane som slepp «vaktskifte» på ettermiddagen. Tenesta har også ansvar for brukarar som får teneste frå private aktørar med fleire busett utanfor kommunen, samt til heimebuande brukarar.

Viktige hendingar

- Prosjekt « Organisering og omstilling av Bu- og miljøtenesta » - Det vart sett på organisering, tenestetilbod, brukarbehov no og fram i tid, kompetanse og framlegg til endring. Prosjektet vart ferdigstilt i september. Ein av konklusjonane var å tilsetje fagleiar i bustadane og fagleiar i psykisk helse og rus. Desse tilsetjingane vart gjort i desember.

- Aktivitetshuset flytta til eit midlertidig lokale ved den gamle delen av sjukeheimen i påvente av eit meir eigna lokale. I det «gamle» aktivitetshuset flytta ungdomsklubben inn. Det nye aktivitetshuset er planlagt i det gamle hybelbygget ved Doktorheimen. Det skal byggast på nytt inngangsparti, toalett, kontor, trimrom og vert forventet ferdigstilt vinteren 2022. Dette blir eit bygg meir tilpassa brukarane sitt behov.
- Medarbeidarsamtalar i gruppe - for første gong har me gjennomført medarbeidersamtale i gruppe noko som vart godt motteke av dei tilsette.
- Tiltaket i avlastningsbustaden vart auka i sommar frå annankvar helg til annan kvar veke.
- Kjøp av ny avlastningsbustad - På grunn av ein lite eigna avlastningsbustad, vart det kjøpt eit bustadhus som skal nyttast til avlastningsbustad framover.
- To nye brukarar dette året.
- Brukthjørna overtok driften av budbilen- Det har vore vanskeleg å rekruttera sjåførarar til budbilen det siste året. I haust vart det difor bestemt at Brukthjørna skal overta drifta av frå 1 januar-22
- Tilbodet på Doktorheimen er i gang att etter koronapandemien med eldrekafe, onsdagstreffen, tur dagar og opent hus.

	Rekneskap 2021	Budsjett (end)	Rekneskap 2020
Bu- og miljø	18 752 027	21 305 014	16 639 327

Sjukefråvær

År	Sjukefråvær
2019	13,76 %
2020	7,85 %
2021	9,45 %

Mindreforbruket på vel 2,5 mill skuldast usikkerheit kring ressursituasjonen for nye brukarar som kom til, og gjennom året erfarte ein at behovet for ressursar vart mindre enn budsjettert.

Pleie- og omsorg

Pleie og omsorg omfattar både institusjon og heimebaserte tenester, fordelt på følgjande einingar:

22 plassar knytt til institusjon – 18 langtid(6 skjerma eining) - 4 korttid/ rehabilitering

12 Omsorgsbustadar med heildøgns bemanning

Heimebasert omsorg:

- Heimesjukepleie 68 tenestemottakarar

- Heimehjelp 56 tenestemottakarar
- Matombringing 40 tenestemottakarar
- Alarm 72 tenestemottakarar
- BPA (personleg brukarstyrt assistent)
- Aktivitetstilbod/ Aktivitetstova
- Demenskoordinator
- Matforsyning

Viktige hendingar

- Omorganisering: Einingsleiar og ass. einingsleiar, med merkantil støttefunksjon frå februar 2021
- Fjerna soneleiar funksjonen.
- Stabilisering og halvering av sjukefråvær – samarbeid med NAV arbeidslivssenter.
- Etablerte medråderettsgruppe med tillitsvalde og verneombod i organisasjonen.
- Etablerte fast møtestruktur og kommunikasjonskanalar med dei tilsette
- Forvaltningsrevisjons rapport frå heimebaserte tenester blei lagt fram – resultatet her var jamt godt. Mindre justeringar og oppfølging i etterkant på forbettringspunkt.
- Tilpassing knytt til at kjøkenet vart organisert tilbake under pleie og omsorg.
- Rekrutterte to fast tilsette sjukepleiarar via Adecco juni og november 2021.
- Pandemi handtering med stadig ulike føringar og anbefalingar kring smittevern.
- Utbrot av smitte blant tilsette og deira familie, gjeldande karantenerreglar gav stor innverknad på sjukefråvær.
- Tematilsyn i heimebaserte tenester frå Arbeidstilsynet oktober 2021 – der risiko kartlegging var sentralt tema – 12 pålegg i etterkant. Alle pålegg lukka no per mars 2022.
- Tilsetjing av Fagkoordinator i pleie og omsorg frå 1. desember.
- God økonomistyring – frå meirforbruk på 5 millionar i 2020 til mindreforbruk i 2021 som skuldast betre kontroll på vikarbruk og mindre bruk av overtid.

Økonomi

	Rekneskap 2021	Budsjett (end)	Rekneskap 2020
Pleie- og omsorg	39 594 224	40 718 429	42 597 312

Sjukefråvær

År	Sjukefråvær
2019	13,05 %

2020	8,38 %
2021	7,02 %

Teknisk drift

Skildring av tenestoområdet

Drift og vedlikehald av kommunale vegar/ gangvegar, bygningar, vatn/ kloakk anlegg, brannvesen, grøntområde, fylkevegar, mv. Dette i heile vår langstrakte kommune.

- To nye tilsette fagarbeidarar ved teknisk eining. 3 tilsette ut i permisjon, derav driftsingeniør.
- Samarbeidsavtale med Årdal om brannsjef og brannførebyggande tiltak (60%).
- Utsifting av ein bil på teknisk drift (El bil).
- Ferdigstilling av kontraksarbeida ved Hauge vassverk, og framføring av vatn og avlaup til Håbakken. Entreprise B1 og B2
- Større renovering av vassinntak ved Borgund vassverk. Oppgradering høgdebasseng Tønjum.
- Oppgradering av kommunale vegar og bygningar ved hjelp av Koronamidlar (900 000,-)
- Utviding av uteområde for Borgund barnehage og opparbeiding av ny parkeringsplass
- Omtrekking av tak ved Lærdalsøyri barnehage (gamle barnehagen). Oppføring av nytt takoverbygg.
- Flytting av ungdomsklubben frå «Kosen» til undervisningsbygget. Sal av gamle Kosen.
- Større steinras ved på kommunal veg mellom Erdal og Vindedalen.
- Opparbeiding av nye kommunale vegar Håbakken.
- Håbakken 1 og Håbakken 2.
- Arealeffektivisering Lærdal Rådhus, og opprusting av kultursalen.

Økonomi

	Rekneskap 2021	Budsjett (end)	Rekneskap 2020
Eigedomsforvaltning	-1 743 595	-2 016 911	-1 147 398
Teknisk drift	20 607 815	16 886 827	19 888 119

Forklaringa på avvik mellom budsjett og rekneskap på nesten 4 mill skuldast i all hovudsak sterk auke i straumutgiftene knytt til kommunale hus og eigedommar (ca 3,5 mill meir). Det er også brukt litt meir på brannutrykningar. Netto inntekter for eigedomsforvaltning ligg litt etter budsjett på grunn av større vedlikehaldsutgifter til bustadmasse.

Sjuefråvær

År	Sjuefråvær
2019	4,40 %
2020	4,74 %
2021	3,85 %

Kultur

Skildring av tenesteområdet

Kultur skal støtte og jobbe for å styrke den generelle kulturaktiviteten i kommunen. Kontakten mot det frivillige og profesjonelle kulturlivet skal stå sentralt. Kultur har ansvaret for ei rekke områder som kultursal/kino, bibliotek, ungdomsklubb, kulturskule, historiske vegar/Kongevegen, sekretærfunksjon for fagrådet, musea, kulturminne og arrangement. Under arrangement kjem og tilrettelegging av underhaldning for eldre og born og unge gjennom «den kulturelle spaserstokken» og «den kulturelle skulesekken». Kulturavdelinga hr vore i dagleg kontakt med eit mangfold innanfor lag og foreningar med tilskot til drift og arrangementer.

Kino

2021 syner ein liten oppgang i høve 2020 (mest fordi me fekk syne James Bond i oktober før det small til att med strenge tiltak), men året var driftsmessig framleis sterkt prega av pandemien. Ein god del filmar vart flytta fram i tid, eller endå trekt frå kino og lanserte direkte på straumetenester. Attåt mangelen på storfilmene var besøkstala prega av koronatiltak med begrensa tal publikum, vidare har folk lagt seg til andre medievanar under pandemien og ser meir film heime. I tillegg har nok mange, naturleg nok, vore skeptiske til å gå på arrangement der ein har rekna med det vil vere mange tilstades.

Dei fyrste tre månadane av 2022 har besøket meir enn firedobla seg i høve same periode i fjor, men det er enno lågt i høve eit normalår. Drifta har framleis vore prega av pandemi, både i høve lite storfilmar og endra medievanar. Det kjem no fleire gode filmtitlar utetter vår og sumar, og kinostyraren håpar at det då kjem fleire på kino att.

Kinobransjen sin store utfordring frametter er den aukande konkurransen frå andre mediekanalar, spesielt straumetenester. Kinoane sin eksklusive tilgang på nye filmar er under press, og fleire filmselskap (m.a. Disney) ser ut til å prioritere eigne straumetenester meir. Førrebels er ein komne fram til eit kompromiss med eit 45 dagars (før pandemien var dette på minst 2-3 månader, ofte lenger) "kinovindauge" frå premiere, der kinoane framleis får ha filmene eksklusivt.

Suksessfaktoren

Med den auka konkurransen nemt ovanfor må ein vel prøve å tilføre opplevinga på kino noko meir utover god film, at det vert ekstra stas å reise på kino. God lyd og flott bilete er etterkvart sjølv sagt. At det skjer noko ekstra i høve enkelte framsyningar er viktig. Her kan ein ha konkurransar, hendingar av ymse slag, matservering o.l. God kiosk og ein koseleg plass å sitje og vente på vener før filmen er og viktig. Alternativt innhald som konsertar, teater og sport kan og vere noko som kan lokke fleire på kino.

Mykje av dette har me for so vidt gjort før og, men me ressursmessig er dette krevjande då me ikkje har kapasitet på eininga til å gjennomføre slikt så ofte. Nok ressursar til eit spanande og variert filmtilbod er viktig. Under kan ein sjå at det vart over ei tid lagt ned ein god del ekstra frivillig innsats i drifta, utover stillingsprosenten. Besøket auka då nokså kraftig. Kinostyrar var då oppteken av å synleggjere potensialet i kinoen og det vart og sagt at ein ynskja å auke ressursane til kinoen opp att mot det det var i si tid, nemleg ei 50% stilling.

Den utvida garantien på projektoren er no gått ut, så evt. naudsynte reparasjonar vil koste ein god del meir. Projektoren er no 11 år gamal, men den har fungert feilfritt fram til no. Ein kan nok håpe på stødig drift ei stund til. På lengre sikt må ein legge opp til investering i ny projektor, både i høve driftssikkerheit og enno betre kvalitet.

	Framsyningar	Besøk	Omsetning	Snittbesøk
1995	48	1429	kr 40 015,00	30
1996	60	2895	kr 109 755,00	48
1997	104	4596	kr 179 150,00	44
1998	100	4473	kr 177 990,00	45
1999	83	3289	kr 125 990,00	40
2000	85	3346	kr 118 809,00	39
2001	87	4298	kr 176 040,00	49
2002	80	4143	kr 163 215,00	52
2003	22	1211	kr 56 505,00	55
2004	65	3625	kr 178 720,00	56
2005	51	3175	kr 163 420,00	62
2006	57	2994	kr 146 725,00	53
2007	48	2088	kr 109 485,00	44
2008	53	2730	kr 146 945,00	52
2009	46	2580	kr 168 580,00	56
2010	33	886	kr 55 500,00	27
2011	61	2812	kr 178 690,00	46
2012	84	3240	kr 225 005,00	39

2013	94	4215	kr 291 840,00	45
2014	78	3210	kr 209 175,00	41
2015	107	4775	kr 416 600,00	45
2016	109	4470	kr 380 900,00	41
2017	105	4029	kr 350 700,00	38
2018	95	3678	kr 324 270,00	39
2019	64	3129	kr 276 530,00	49
2020	47	1413	kr 131 810,00	30
2021	61	1650	kr 161 650,00	27

Kulturskulen

Kulturskulen har tett samarbeid med skule, skulefritidsordning (SFO) og barnehage. Dette er samarbeidet er viktig for å auke tilhørighet antal elevar. Det er i 2021 lagt til rette for nye kulturskuletilbod.

Bibliotek

Biblioteket avslutta prosjektet «Biblioteket i sentrum» der ein del av prosjektet gjekk ut på å få til auka aktivitet i biblioteket. Dette fekk me til ved å inngå samarbeid med fleire lag og organisasjonar. I løpet av hausten 2021 vart det etablert faste aktivitetar i regi av Røde kors, Seniornett og Husflidslaget. I tillegg vart det arrangert kurs, forfattarbesøk og andre arrangement for både barn og vaksne. Me ser også at fleire lag og organisasjonar vel å bruke biblioteket som møterom og arena.

Som eit ledd i å undersøke flytting av biblioteket vart biblioteket oppgradert med enkle grep for å gjere lokalet meir funksjonelt i høve dei aktivitetane som skal vere der. Det vart brukt eksterne konsulentar for å få hjelp til korleis me på best mogeleg måte kunne legge til rette for dei behova me hadde.

I 2021 har me i tillegg hatt prosjektleiing for prosjektet *Aktiv formidling* i samarbeid med biblioteka i Årdal, Sogndal og Vik. Her arbeidar tilsette med kompetanseheving og formidling utanfor biblioteklokalet.

Tal:

Arrangement: 40 (17 i 2020)

Besøk: 5799 (auke på 24 % frå 2020)

Utlån: 6978 (auke på 10% frå 2020)

Utfordringar:

Lite personalressursar og kort opningstid gjer det krevjande å tilby gode bibliotektenester til alle målgrupper. Biblioteket er kun ope to dagar i veka for skulen, noko som gjer skulebibliotektilbodet svært avgrensa.

Suksessfaktorar:

- Dei siste åra har me hatt godt med prosjektmidlar og har fått kjøpt inn ein del utstyr som har vore naudsynt.
- Det er gjennomført mykje kompetanseheving, men det er vanskeleg å sette det ut i live grunna knappe ressursar.
- Auka bruk av sosiale medier saman med meir aktivitet, har bidrege til auka utlån og besøk.
- Me har fått på plass gode samarbeid med lag og organisasjonar.

Økonomi

	Rekneskap 2021	Budsjett (end)	Rekneskap 2020
Kultur	5 672 688	6 534 920	1 613 791

Mindreforbruket skuldast til dels bruk av fond/tilskot og mindre aktivitet i periodar under pandemien.

Plan- og forvaltning

Avdelinga har ansvar for sakshandsaming etter plan- og bygninglova med tilhøyrande forskrifter. Dette gjeld i alle hovudsak alle byggesaker, plansaker, reguleringsaker m.m. Avdelinga yter oppmålingstenester, kartdata og handsamar saker etter matrikkellova.

Den interkommunale klimakoordinatorstillinga som Lærdal deler med Aurland og Årdal er organisert under plan- og forvaltning.

Viktige hendingar:

Endringar på avdelinga:

- Tilsette ny oppmålar i 100% stilling, opplæring i samarbeid med Sogndal kommune
- Arealplanleggjar vart fagleiar på avdelinga frå januar 2021
- Fekk nye Klimasats-midlar til klimakoordinator for nye to år, i samarbeid med Årdal og Aurland
- Etablert avtale med Sogn Brann og Redning om byggjetilsyn

Klima og miljø

Vedtak av Kommunedelplan for klima, energi og miljø, og oppstart av diverse tiltak for å betre klima og miljø som for eksempel miljøfyrtårnsertifisering av kommunen, utgreiing av utstyrssentral, opplæring i bruk av klimakalkulator i landbruket, bruk av klimabudsjett i kommuneøkonomien, utarbeiding av ny grafisk profil for Lærdal kommune, partnerskap i ulike nasjonale forskingsprosjekt, diverse søknadar og tilsegn om tilskot, med meir.

Ferdigstilling av diverse prosjekt:

- Håbakken 1 – opparbeiding av næringsarealet til Sogn Frukt og Grønt AS og Slinde Transport AS (står att delprosjekt på Slinde sin eigedom), prosjektleiing
- E16 Håbakken, lokalvegnett og avkøyrslar, prosjektleiing
- Samfunnshuset i Borgund – oppgradering (står att delprosjekt), prosjektleiing

Oppstart av diverse prosjekt:

- Håbakken 2 – opparbeiding og klargjering av næringsarealet for sal, prosjektleiing
- Barnehagen i Borgund – utarbeiding av moglegheitsskisser og kostnadsoverslag, prosjektleiing
- Elvekilen Nedre Eri – Håbakken, samarbeidsprosjekt mellom Lærdal kommune, Østfold Energi og Lærdal Elveeigarlag, prosjektleiing
- Flaumsikringsprosjektet av Lærdalsøyri – har vore i prosess i mange år, men har fått ny prosjektstatus og prosjektleiing i NVE i 2021.

Diverse planarbeid for nye bustadtomter

- Utviding av Saltkjelen bustadfelt – oppfølging av vedteken reguleringsplan
- Utarbeiding av ny reguleringsplan for Hanseskogen bustadfelt (fortetting og utviding)
- Dispensasjonar og mindre endring av plan i diverse fortettingsprosjekt

Oppfølging og handsaming av saker knytt til diverse næringsetableringar (som for eksempel utviding av Kort og Godt, Sogn Frukt og Grønt AS, Fredag og Fretland bakeri, Industriplast med fleire)

Oppfølging og handsaming av saker knytt til kjøp og sal av kommunale eigedomar og diverse oppmålingsaker. Det har vore fleire saker i 2021 enn vanleg knytt til sal av kommunale eigedomar.

Utarbeiding av kommuneplanen sin arealdel – har krevd mykje oppfølging og samordning, sjølv om Norconsult har utarbeida dokumenta.

Oppfølging av diverse regionale samarbeid og nettverk:

- Plannettverk Sogn – jamnlege nettverksmøter
- Vassområde Indre Sogn (jamnlege møter og vassprøvetaking i 2021)
- Regional plan for Nordfjella (villrein), møter i administrativ og politisk gruppe gjennom året, etablert rapporteringsrutinar og semje om utarbeiding av felles sti og løypeplan
- Verdsarvområde (utarbeiding av ny Forvaltningsplan og Besøksstrategi)
- KS sitt klimanettverk – 4 samlingar og oppfølgingsarbeid mellom samlingane

Handsaming av ordinære forvaltningsoppgåver innan byggjesak, oppmåling, kart og eigedom og plan, og uttalar til regionale planar og planar i nabokommunar. Avdelinga har hatt fleire saker knytt til massehandtering, kraftverk og linjetraseear enn vanleg i 2021. Avdelinga har og følgd opp og/eller vore involvert i diverse planarbeid i kommunen som:

- Leva heile livet i Lærdal – strategien
- Kommunedelplan for Trafikktryggleik og Trafikksikker kommune
- Diverse private reguleringsplanar og endringar av reguleringsplanar
- Diverse planleggingsarbeid knytt til planlagd oppgradering av Lærdalstunnelen

Økonomi

	Rekneskap 2021	Budsjett (end)	Rekneskap 2020
Plan- og forvaltning	1 198 749	1 285 798	1 613 791

Landbruk

Skildring av tenesteområdet

Landbrukskontoret i ÅLA er ei interkommunale teneste for kommunane Årdal, Lærdal og Aurland med Lærdal som vertskommune. Tenesta har fire fast tilsette fordelt på 3,3 årsverk, ei prosjektstilling knytt til CWD og kjøp av 50 % stilling frå Aurland fjellstyre til viltforvaltning. Totalt utgjer Skog i Sogn ein 10 % ressurs for kommunane Årdal, Lærdal og Aurland.

Den interkommunale vertskommuneavtalen blei evaluert og fornya i 2021, og oppdatert i samsvar med ny kommunelov. I 2021 blei det vedteke å utarbeide fornya plan for utvikling av landsbrukstenesta i ÅLA og lokale tilskotsordningar.

Viktige hendingar

Tilskotsforvaltning

- Produksjonstillegg
- Velferdsordningane i jordbruket
- Spesielle miljøtiltak i jordbruket – SMIL
- Regionalt miljøprogram – RMP
- Tiltak i beite
- Utvalde kulturlandskap
- Verdsarvordninga
- Lokale tilskotsordningar mellom anna viltfond og næringsfond

Lov forvaltning

- søknadar om konsesjon
- søknadar om frådelling og omdisponering
- dispensasjon til motorferdsel i utmark
- oppfølging av driveplikt i tråd med Jordlova

Skog i Sogn

Samarbeidsstilling for kommunane i Sogn, som fungerer godt ettersom dette er eit arbeid av mindre omfang som eignar seg godt til samarbeid på tvers av kommunegrensene.

Viltforvaltning og arbeid med CWD

Kjøper 50 % ressurs via Aurland Fjellstyre. Prosjektstillinga knytt til CWD utgjer 80 % stillingsressurs. Kommunen eier einige om å avslutte denne som ein kommunal ressurs 1. juli 2022. Det er utarbeida ein evalueringssrapport av prosjektet som vil bli offentleggjort.

Veterinærvakta – fornya avtale mellom Årdal, Lærdal og Aurland for dei neste fire åra med Lærdal som vertskommune.

Økonomi

	Rekneskap 2021	Budsjett (end)	Rekneskap 2020
Landbruk	1 728 869	1 814 358	1 535 986

NAV kommune

NAV yter både statlege og kommunale tenester. Tenestetilbodet er knytt til økonomisk sosialhjelp, rettleiing og bistand til etablering (Husbanken), samt forvaltning av Husbanken sine stønadsordningar. Tenesta er organisert som eiga eining med felles/delt leiar mellom Lærdal og Aurland kommune. Tenesta inngår i regionsamarbeid om NAV-tenester i Sogn, med regionleiar i Sogndal.

Flyktningtenesta er ein del av NAV; og frå januar 2021 blei Vaksenopplæringa innlemma i tenesta (flytta frå Oppvekst) Gjeldsrådgjeving er eit tilbod som vert gitt gjennom samarbeidsstilling mellom Årdal, Lærdal og Aurland.

Viktige hendingar

- Regionale oppfølgingsteam for sjukefråvær er i stabil drift
- Komme greitt i gjennom eit utfordrande drifts-år. Årsaka i nedbemanning (flyktningtenesta) og permisjonar
- Sett digital søknad om sosialhjelp i drift (implementering av programvara DigiSos)
- Vellukka rekrutteringar
- Gode resultat i at mange brukarar kom i arbeid
- God budsjett- og rekneskapskontroll
- Deltakande i regionalt utviklingsarbeid
- Aukande samhandling med bedriftsmarknaden
- Færre busette flyktningar enn planlagt i 2021 (totalt 6)

Økonomi

	Rekneskap 2021	Budsjett (end)	Rekneskap 2020
	2 038 956	3 144 168	2 625 551

Vedlegg

Årsmelding Sogn Lokalmedisinske senter

Årsmelding Aurland og Lærdal barnevern

Årsmelding for Brukthjørna KF